



VANG KOMMUNE

ÅRSBUDSJETT  
2017

ØKONOMIPLAN  
2017-2020

# FØREORD

I følgje §§ 45 og 46 i kommunelova skal kommunestyret innan utgangen av året vedta **årsbudsjett** for komande kalenderår, som ein bindande plan for kommunen sine inntekter og bruken av desse. Årsbudsjettet skal omfatte heile kommunen si verksemd, vera realistisk (fastsett på grunnlag av forventa inntekter og utgifter i budsjettåret), og inndelt i ein driftsdel og ein investeringsdel. Kommunestyret sine prioriteringar, og dei målsetjingar og premiss som årsbudsjettet byggjer på, skal koma tydeleg fram. Kommunestyret vedtek sjølv årsbudsjettet og endringar i dette på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

I følgje § 44 i kommunelova skal kommunestyret kvart år vedta ein rullerande **økonomiplan** som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal omfatte heile kommunen si verksemd, gje ei realistisk oversikt over sannsynlege inntekter, forventa utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden, og vise dekking for utgifter og oppgåver som er ført opp for kvart einskild år. Kommunestyret vedtek sjølv økonomiplanen og endringar av denne på grunnlag av innstilling frå formannskapet.

Årsbudsjett og økonomiplan er samla i eitt felles dokument, der fyrste året i økonomiplanen gjeld som årsbudsjett for 2016.

Innstillinga til årsbudsjett, økonomiplan og dei framlegg til vedtak som ligg føre, skal leggjast ut til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før behandling i kommunestyret.

**KOSTRA-funksjonar** er nytta som hovudinndeling i driftsdelen. Funksjonane viser til kva typar behov dei kommunale tenestene skal dekkje, og kva grupper desse tenestene primært vender seg til, uavhengig av organisering. Funksjonane er gruppert i 14 **funksjonsområde**.

Investeringsdelen omfattar investeringsprosjekt og andre tiltak som høyrer heime her.

Taldelen – med driftsdel, investeringsoversikt, hovudoversikter mv. – er samla til slutt.

I driftsdelen er kvar funksjon inndelt i **artsgrupper**, bygd på KOSTRA sine utgifts- og inntektsartar.

**Formannskapet behandlar rådmannen sitt framlegg 17. november.**

**Formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019** ligg deretter ute til alminneleg ettersyn i 14 dagar frå 21. november, og blir i denne perioden behandla i hovudutvala, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, eldrerådet og arbeidsmiljøutvalet.

Formannskapet behandlar framlegget på nytt 8. desember og vurderer då innkomne innspel.

Kommunestyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan 15. desember.

Vang, 10. november 2015

Reidar Thune  
Rådmann(sign.)

Remi Nilsen  
Økonomisjef(sign.)

Funksjonsområde 1:	POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR .....	4
Funksjonsområde 2:	SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG FRITIDSTILBOD BARN/UNGE .....	8
Funksjonsområde 3:	HELSETENESTER, AKTIVISERING, SERVICETENESTER .....	16
Funksjonsområde 4:	SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN .....	21
Funksjonsområde 5:	HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE ..... OG BUSTADER .....	25
Funksjonsområde 6:	ARBEIDSRETTE TILTAK OG ØKONOMISK HJELP .....	31
Funksjonsområde 7:	ANDRE TENESTER .....	34
Funksjonsområde 8:	FYSISK PLANLEGGING, BUSTADBYGGING, NÆRING .....	345
Funksjonsområde 9:	SAMFERDSLE .....	44
Funksjonsområde 10:	BRANNVERN .....	45
Funksjonsområde 11:	VATN, AVLØP OG RENOVASJON .....	47
Funksjonsområde 12:	KULTUR OG MILJØVERN .....	51
Funksjonsområde 13:	KYRKJE .....	56
Funksjonsområde 14:	SKATT, STATSTILSKOT OG FINANSIERING .....	58
TALDEL	Driftsdel	60
	Investeringsoversikt	76
	Næringsfond	78
	Bruk av næringsfond til drift	79
	Økonomiske oversikter	80
	Endringar i rekneskapsføringa frå 2016 - 2017	87

# Rammevilkår og budsjettføresetnader

## Folketalsutvikling

Tabellen under viser folketalsutviklinga i Vang dei siste ti åra, fordelt på ulike aldersgrupper.

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
0-5 år	94	93	89	92	101	103	108	101	95	91	92
6-15 år	229	217	222	209	195	187	181	176	177	175	172
16-66 år	1010	1029	1044	1018	1025	1031	1029	1038	1067	1055	1045
67-79 år	176	161	148	153	155	157	165	168	170	175	187
80-89 år	84	94	101	99	87	91	87	90	91	85	91
90 år og over	23	19	20	20	19	14	20	18	17	16	15
<b>Sum folketal</b>	<b>1616</b>	<b>1613</b>	<b>1624</b>	<b>1591</b>	<b>1582</b>	<b>1583</b>	<b>1590</b>	<b>1591</b>	<b>1617</b>	<b>1597</b>	<b>1602</b>
<b>Årleg endring, %</b>		<b>-0,2</b>	<b>0,7</b>	<b>-2,0</b>	<b>-0,6</b>	<b>0,1</b>	<b>0,4</b>	<b>0,1</b>	<b>1,6</b>	<b>-1,2</b>	<b>0,3</b>
<b>Endring frå 2004, %</b>		<b>-0,2</b>	<b>0,5</b>	<b>-1,5</b>	<b>-2,1</b>	<b>-2,0</b>	<b>-1,6</b>	<b>-1,5</b>	<b>0,1</b>	<b>-1,2</b>	<b>-0,9</b>

Dei siste ti åra er folketalet i Vang redusert med 14, men likevel auka med 20 frå 2008. Sjølv om folketalet er stabilt, er det likevel ein nedgang på nesten 25 % for årskulla i grunnskulealder (6-15 år). Talet på innbyggjarar i yrkesaktiv alder (16-66 år) har auka. Dei siste åra har talet på yngre pensjonistar (67-79 år) også auka, medan talet på innbyggjarar 80 år og eldre har vore stabilt.

Tabellen under viser Statistisk sentralbyrå si framskriving av folkemengda i Vang dei komande 10 åra (alternativet *middels nasjonal vekst MMMM*). For heile landet viser framskrivinga sterk auke i folketalet, og den viktigast grunnen til dette er høg innvandring. Framskrivingar er sjølvsagt usikre, men er likevel viktig for kommunal planlegging – m.a. for å vurdere framtidige tenestebehov.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
0-5 år	92	91	91	93	96	91	95	97	97	96	95
6-15 år	172	168	168	179	178	185	182	180	178	175	177
16-66 år	1045	1033	1043	1043	1040	1049	1051	1059	1057	1061	1050
67-79 år	187	207	222	232	239	241	241	238	249	246	255
80-89 år	91	88	78	71	66	62	66	70	67	73	82
90 år og over	15	16	21	21	21	20	20	21	22	20	18
<b>Sum folketal</b>	<b>1602</b>	<b>1603</b>	<b>1623</b>	<b>1639</b>	<b>1640</b>	<b>1648</b>	<b>1655</b>	<b>1665</b>	<b>1670</b>	<b>1671</b>	<b>1677</b>
<b>Årleg endring, %</b>		<b>0,1</b>	<b>1,2</b>	<b>1,0</b>	<b>0,1</b>	<b>0,5</b>	<b>0,4</b>	<b>0,6</b>	<b>0,3</b>	<b>0,1</b>	<b>0,4</b>
<b>Endring frå 2014, %</b>		<b>0,1</b>	<b>1,3</b>	<b>2,3</b>	<b>2,4</b>	<b>2,9</b>	<b>3,3</b>	<b>3,9</b>	<b>4,2</b>	<b>4,3</b>	<b>4,7</b>

I følge framskrivinga vil folketalet i Vang berre auke med knapt fem pst. dei neste ti åra. Talet på innbyggjarar i barnehage- og grunnskulealder (0-15 år) vil auke med tre pst., men fyrst frå 2017. Talet på yngre pensjonistar vil auke med 36 pst. Gruppene 80 år og over får ein samla nedgang på 23 pst. fram til 2019, for deretter å auke nesten tilsvarande att fram til 2024.

Frå 3. kvartal 2016 så har diverre folketalet blitt redusert betraktelig, noko som fører til reduserte inntekter for kommunen.

## Statsbudsjettet 2017

- Regjeringa legger opp til ei realvekst i kommunesektorens samla inntekter i 2017 på 3,4 mrd. der 4,1 mrd. utgjør frie inntekter for kommunane.
- 300 mill. til rusomsorg, der 100 mill. gjeld habilitering og rehabilitering, 150 mill. til tidlig innsats og 50 mill. til styrking av tidlig innsats.
- 650 mill. i eit eingongstilskot til vedlikehald i kommunar på Sør- og Vestlandet.
- Regjeringa ynskjer at kommunene setter seg eit effektiviseringskrav på 0,5%, noko som vil føre til ei innsparing på 1,2 mrd. i 2017, eller ei stortingstunell for å setta det litt i perspektiv.

## Lokale budsjettføresetnader

- 2,7 pst. generell auke for lønspostar (konto 1010-1089).
- Pensjonspremie: 15 pst. for SPK lærarar og 15 pst. KLP.  
Rekneskapsforskrifta legg til grunn at rekneskapsføring av pensjon kan utjammast gjennom amortisering av premieavvik over 7, 10 eller 15 år, etter når avvika oppstod.
- Arbeidsgjevaravgift: 6,4 pst.
- Større endringar i høve til budsjett for 2016 (ut over punkta ovanfor) går fram av egne samleister for kvart funksjonsområde.
- Skatt på inntekt og formue (37 mill. kr + 6,3 mill. kr naturressursskatt) og rammetilskot (62,4 mill. kr) er sett opp i tråd med KS sin prognosemodell.
- Eigedomsskatt er sett til 6,2 mill. kr, ein reduksjon på vel 2,1 mill. kr frå 2016 etter ny taksering.
- Konesjonskraftgevinst er budsjettert med 3,7 mill. kr og fallerstatningar med 2,0 mill. kr kvart år..
- Renteinntekter for ansvarleg lån til Vang Energiverk: 700 000 kr som tidlegare.  
Eigaruttak/gevinst på kraftomsetnad frå energiverket: 4 mill. kr årleg og 0,2 mil. Får Eidsiva Energi.
- Konesjonsavgifter: 21 mill. kr årleg.
- Det er lagt til grunn å nytte 21 mill. kr av næringsfond til tiltak som skal førast i driftsrekneskapen årleg i 2017 (jf. eiga oversikt).
- I økonomiplanen inngår investeringar for til saman 23,97 mill. kr i 2017(ekskl. mva) og 6,98 mill. i 2018. Planlagde investeringar blir finansiert med lån.

Dei største tiltaka i 2017:

- Utbygging VBU med fleirbrukshall: 5 mill. kr
- Nytt reinseanlegg med leidningsnett ved Tyinkrysset: 6,7 mill. kr

- For å få driftsbudsjettet i balanse for 2017, har det vore naudsynt å saldere med bruk av 10,2 mill. kr i disposisjonsfond.
- Negative tall betyr enten lågare utgifter eller høgre inntekter, med andre ord er tall med minusfortegn positivt og vise versa.

## Overordna økonomiske mål:

1. Ha eit årlig netto driftsresultat på minst 1,75% av driftsinntektene

Målsettinga framover blir å få kommunen i balanse og auke disposisjonsfondet til anbefalte 5% av inntekta. Dette betyr at Vang kommune må byggja eit fond i størrelses orden 10 mill. kroner. Fondet skal brukast til å dekke framtidige vedlikehaldskostnader. Kommunen har i dag avskrivningar på ca. 10 mill. kroner årlig, dette kan sjås på som forventade framtidige vedlikehaldskostnader. Det er anbefalt i GKRS at ei kommune har 1,75% netto driftsoverskot for å bygge disposisjonsfond slik at framtidige forpliktingar blir møtt.

2. Ha eit disposisjonsfond på minst 5% av samla driftsinntekter

Det er satt gang arbeid med å redusere kommunen sine innkjøp, dette vil få avgrensa effekt for 2016 med me håper å kunne redusere innkjøpa med 1 – 2 mill. kroner i løpet av 2017. Reduksjonane vil komme gjennom auke planlegging, standardisera innkjøp og produkt, strømlinjeforma innkjøps organisasjonen og auke kontroll.

I samsvar med revisjonen vil kommunen frå 2017 forsøke å tilbakeføre midlar til næringsfondet gjennom å betale «avdrag» på investeringane som er finansert av næringsfondet. Dette vil ikkje være moglig før noverande investeringsplan er slutført.

Det er planlagt betre dokumentasjon på bruk av bundne fond der dokumentasjonen i framtida vil bli skannet inn i regnskapssystemet i staden for å ligge i separate permar.

Grunne den vanskelige situasjonen kommunen er i vil det ikkje være moglig å nå dei økonomiske måle dei neste 5 åra.

## Oppsummering og endringar

Dei neste åra vil bli svært tøffe for Vang kommune då me har mista store inntekter samtidig som utgiftsida fortsett å auke. Det har vert jobba aktivt dei siste åra med å effektivisera drifta i kommunen då det var kjent at spesielt kraftinntektene var under press. Nye turnusordnar innan Helse og omsorg samt samling av alle skulane i VBU, førte til at målet om budsjettbalanse og ei sunn kommuneøkonomi var så å seie nådd i 2016. Det sto att nokon finjusteringar får å nå dei måla som vart satt og trudde me var godt skodd for framtida. Diverre slo verkelegheita litt fortare og hardare innover oss enn fyrst antatt. Inntektstapa kom på rekke å rad, fyrst ble konsesjonskraftgevinsten redusert, så mista vi skjønnsmidlane frå fylkesmannen som vi hadde fått i mange år. Den største overraskinga var nedgangen i eigedomsskatten som raste då takstane på kraftverka ble redusert med over 31% og endelig ble rammetilskotet redusert. Totalt mista vi:

Konsesjonskraftgevinst:	2 700 000 kr
Skjønnsmidlar:	2 100 000 kr
Eigedomsskatt:	2 100 000 kr
Rammetilskot :	840 000 kr
<b>Total:</b>	<b>7 740 000 kr</b>

Frivillighetssentralen si finansiering har blitt flytta frå statlige tilskot til rammetilskot, i sum mister vi 500 tusen kroner i rammetilskot men dette inkluderer eit tilskot på 340 tusen kroner til frivillighetssentralen difor er det reelle tapet av rammetilskot på 840 tusen kroner. Samtidig aukar sjølv sagt lønsutgiftene til kommunen og vi endar med ei stor underdekning.

Ser me på totaloversiktane får vi dette bilete:

	2016	2017
Totale inntekter	201 485 000	194 399 000
Total utgifter	206 633 200	213 202 500
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-5 148 200</b>	<b>-18 803 500</b>

Å dekkja inn ei så stor ending er vanskeleg å gjera på kort tid. Det er difor planlagt å bruke 2017 til eit omstillings år der vi må legge planar for 2018 til 2020. Det er budsjettert med bruk av 10,2 millionar kroner av disposisjonsfondet samt 21 millionar kroner frå næringsfondet i 2017. Deretter må kommune kutte 4 millionar kroner i året frå 2018 til 2020 før vi greier å slutte å bruke disposisjonsfondet til drift. Det er også berekna eit ekstra ordinært utbytte på rundt 2,2 millionar frå Vang energiverk i 2018 samt 200 tusen i 2019 for å nå budsjettbalanse. Vang kommune bruker dermed alle frie midlar tilgjengelig i denne perioden for å komme i mål på ei ryddig og grei måte. Det er budsjettert med negative netto driftsresultat fram til 2019 før me igjen kan sjå positive tal i rekneskapen.

Reduksjonane er fordelt skjønsmessig, hovudsakleg på løn etter budsjettstorleik. Unntaket er reduksjonane på teknisk avdeling der desse også er fordelt på varer og tenester. Reduksjonane ser ein pr. funksjon i 2018. Dei endelege endringane vil fyrst kome fram etter at einingane har gått gjennom områda sine i 2017.

Fordeling er som følger i budjsett:

Rådmannskontoret –	totalt 240' i året	Funksjoner brukt: 120
Skule og kultur –	totalt 1 490' i året	Funksjoner brukt: 201 og 202
Helse og omsorg –	totalt 1 810' i året	Funksjoner brukt: 253 og 254
Landbruk teknisk –	totalt 460' i året	Funksjoner brukt: 120 og 329

# **Funksjonsområde 1: POLITISK STYRING, ADMINISTRASJON OG FELLESFUNKSJONAR**

## **Funksjon 100: POLITISK STYRING**

Godtgjersler til folkevalde, representasjonsutgifter, partistøtte og valavvikling.  
Valdres natur- og kulturpark.

### **Mål og viktige planar**

Ha eit tilpassa politisk apparat som kan ivareta lokaldemokratiet og fatte effektive avgjerder.  
Kommuneplanen er overordna styringsdokument.

### **Budsjettkommentar**

Ordførargodtgjersla aukar med ca 2,7 pst. frå kr til 598 000 til kr 615 000 (+ 2 000 kr knytt til skattlegging av mobiltelefon). Vang si ordførargodtgjersle ligg lægst i fylket. Godtgjersler og utgiftsdekning til andre folkevalde er auka tilsvarende, i samsvar med reglement vedteke i sak KS-068/98. Tilskot til dei folkevalde gruppene i kommunestyret er ført opp med 40 000 kr (uendra). 10 pst. av denne støtta blir gjeve som ein lik sum for kvar kommunestyregruppe og 90 pst. blir fordelt etter talet på medlemmer i kvar gruppe (KS-69/07).

Tilskotet til Valdres Natur- og Kulturpark(VNK) frå Valdreskommunane har vore sett til 4,5 mill. kr årleg for 2012–2016, der Vang sin del er 405 000 kr. Dette er halde på same nivå for 2017. 10- årsperioden for charteret/ VNK si verksemd går ut 31.12.2016. Innhaldet i regional organisering i Valdres, herunder VNK si verksemd frametter med både oppgåver og økonomi må finne si avklaring gjennom ei særskilt sak.

## **Funksjon 110: KONTROLL OG REVISJON**

Kontrollutval og revisjon.

Valdres- og Hallingdalskommunane har finansiell revisjon og forvaltingsrevisjon i eigenregi gjennom *Kommunerevisjon IKS, Valdres – Hallingdal*. Utgiftene blir fordelt etter medgått tid.

## **Funksjon 120: ADMINISTRASJON**

Rådmannskontoret med kommunekassa, etatssjefane med merkantile medarbeidarar, sentralbord, velferdstiltak, bedriftshelseteneste, overordna HMS-arbeid, frankering, kopiering, felles IKT-løysingar, kontingentar til KS mv. og frikjøp av hovudtillitsvalde.

Valdreskommunane har felles innkjøpskoordinator med Sør-Aurdal som vertskommune og felles skatteinnkrevjing med trekkontrollør med Nord-Aurdal som vertskommune.

### **Langsiktige mål**

- God service til innbyggjarane.
- God ressursutnytting, planlegging og handling i tråd med økonomiske realitetar.

### **Planar og vedtak**

- Kommunal planstrategi (KS-34/16): Etter ein prosess i tråd med reglane i plan- og bygningslova vedtok kommunestyret ny planstrategi i juni for perioden 2016-2020.

- Kommuneplan for arealdel utanom Tyinkrysset og samfunnsdel vart behandla 18.12.2014(KS-65/14).
- Arbeidet med revisjon av kommunedelplan for Tyinkrysset (2005) vart førebels sett på vent i kommunestyremøte 22.09.16, sak 46, for avklaring av ei muleg ordning med reinvestering i området.
- Administrativ organisering vedteke i 1997 (KS-14/97) og evaluert i 1999 (KS-50/99). Etter dette har det vore enkelte mindre justeringar: I 2015 er gjort ein intern gjennomgang på teknisk etat behandling i administrasjonsutvalet 04.06.2015(ADM- 03/15), og vidare er det på rådmannskontoret utarbeidd stillingsbeskrivingar for alle stillingar.
- Organisasjonsstruktur for ein ny helse- og omsorgsetat vart vedteke i sak ADM 3/16 i møte 10.mars 2016.
- Reglement for folkevalde organ og om delegering: Dette er i tråd med § 39, nr 2 i kommunelova vedteke for inneverande kommunestyreperiode, KS 52/16 i møte 22.09.16.
- Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2018, vedteke, sak KS 5/15, den 12.02.2015.
- Økonomireglement vedteke av kommunestyret 24.9.2014 (KS-044/14).
- Retningsliner for prosjektstyring(investeringsprosjekt) vedteke, sak KS 32/16 i møte 24.06.16.
- Reglement for finansforvaltning vart vedteke, sak KS31/16 i møte 19.05.2016.
- Folkehelseplan og oversikter vart behandla av kommunesstyret i møte 24.9.2015( KS-43/15)
- Ny overordna risiko- og sårbarheitsanalyse for Vang kommune,(4- årig plan), etter krav i veileder frå DSB vedteke av kommunestyret, sak KS 40/16, i møte 24.06.2016.
- Ulike andre overordna beredskapsplaner(årleg administrativ oppdatering).
- Digitalisera arkiv som vedtatt i kommunestyresak KS-50/14

## **Budsjettkommentar**

I administrasjon ligg det til saman snaue 13 årsverk fordelt på 17 tilsette (herunder 0,4 årsverk som frikjøp tillitsvalde). Det vil bli noko endring som følge av pensjonering.

Velferdsmidlar er budsjettetert med 36 000 kr (uendra frå 2015).

Styringsgruppa for FYSAK er lagt ned. Folkehelsekoordinator arbeider no for å fremje fysisk aktivitet for kommunalt tilsette, med stor deltaking. Det er sett av 30 000 kr til påskjønning/premiering (uendra frå 2015).

## **IKT Valdres**

IKT-systema blir drifta av IKT Valdres IKS, der kommunane eig 1/6 kvar. Selskapet kjøper sjølv inn nytt utstyr etter behov og fakturerer kommunane etter ny kostnadsdeling frå 2016 som vart fastsett av representantskapet i IKT Valdres IKS i møte 26.10.2015. Grunlaget for fordeling er 3 element; kostnad pr einheit(pc og nettbrett innkl. tilhøyrande lisensar), driftskostnader og fellesutgifter.

Det er IKT V som i hovudsak kjøper inn og eig alt utstyr. Kommunane har dermed ikkje investeringsutgifter til utstyr, men får alle kostnadene i driftsrekneskapen. IKT er ei stor utfordring med raskt vekslende behov og teknisk utvikling. Etter rutinar for bestilling av programvare og utstyr (*metodikken*) blir behov og ønske samla opp, og prioritering skjer gjennom vedtak av budsjett. Det er positive erfaringar med desse rutinane. Det er likevel stor

etterspørsel etter ny programvare og i det heile eit område med store utfordringar i høve til teknologisk utvikling.

I representantskapet sin strategi for selskapet er det forpliktande semje om eigarstyring, mål, strategiar og rammor for selskapet. Strategien skal sikre at selskapet ivaretek eigarane sine målsetjingar, fastsetje rammene for kommunane si eigarstyring, uttrykkje eigarane sine forventningar, bidra til felles ambisjonsnivå og gjere det enklare for eigarane å vurdere selskapet sine resultat. Rådmennene har i møte 10.10.2014 godkjend Strategisk IKT- plan for kommunane. Planen bygger på KS sin *Digitaliseringsstrategi 2013-2016 for kommuner og fylkeskommuner*.

IKT Valdres har ei kostnadsramme på 34,33 mill. kr i 2017, der Vang sin del utgjer 4,432 mill. eller 12,91%. Desse kostnadene blir delt på funksjon 120, administrasjon, og fleire andre funksjonar etter ein lokal fordelingsnøkkel.

### **Systematisk internkontroll**

Kommunane skal ha internkontroll med risikovurdering, planlegging, organisering, opplæring, iverksetting av tiltak, rapportering og evaluering for å sikre at tenestene har tilstrekkeleg kvalitet og oppfyller gjeldande lovkrav.

Internkontroll i ein kommune er svært omfattande og arbeidskrevjande. Vang kommune har v eit elektronisk system på området, Kvalitetslosen, (seinare skifta namn til Compilo). Det er lagt hovudvekt på å samle/ oppdatere reglement, lovverk og rutinar, samt å melde inn og behandle avvik.

### **Prioriteringar i planperioden**

- Arbeide med effektivisering av Vang kommune for å tilpasse utgifter til inntekter innanfor ein forsvarleg/ god nok tenestekvalitet.
- Halde fram arbeidet betring av systematisk internkontroll for den samla kommunale verksemda.
- Arbeide vidare med personalutvikling med plansamtalar som viktig middel.

## **Funksjon 121: FORVALTING AV BYGG OG EIGEDOM**

Forsikring av kommunale bygg.

Etter felles anbudsprosess for Valdreskommunane er skadeforsikringane samla hjå Valdres Gjensidige Brannkasse.

## **Funksjon 130: ADMINISTRASJONSLOKALE**

Drift og vedlikehald av kommunehuset.

Planlagt oppgradering/opprusting er i all hovudsak gjennomført.

Rådmannen kan ikkje sjå at tida er inne for tiltak utanom det som kan gjerast innan felles vedlikehaldspost eller eigen vedlikehaldspost på kommunehuset.

## **Funksjon 180: FELLESUTGIFTER**

Eldrerådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, og sivilforsvaret/fredsinnssats-grupper (FIG).

Sekretærfunksjon (det vil seie sekretærfunksjon i møtet) for eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir utført innan den ordinære stillingsramma for rådmannskontoret.

FIG Valdres har beredskapsdepot i Nord-Aurdal og mannskap for dei seks kommunane, der Vang dekkjer sin del av husleiga.

## **Funksjon 190: INTERNE SERVICEININGAR**

Denne funksjonen kan nyttast for føring av utgifter og inntekter gjennom året som gjeld fleire funksjonar. Ved årsavslutninga skal utgiftene og inntektene fordelast, slik at sluttsammene for denne funksjonen blir 0. I budsjettet blir denne funksjonen nytta for lager i Synshagen.

I det nye lageret er det ynskje om asfaltering på plassen framfor lageret. Dette er det ikkje funne rom for i budsjettet.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 1**

### **Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 - Drift**

#### **Funksjon 120**

Reduksjon av stillingsressurs med ytterlegare 5/12 effekt for 2017 -146 000 kr

Omfordeling av kostnader knytt til ikt, forsikringar, m.m, i høve til tilsette -1 874 000 kr

#### **Funksjon 100 - 190**

Redusert vareforbruk hovudsakleg grunna flytting av forsikring - 405 000 kr

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen**

Asfaltering framfor lageret i Synshagen 180 000 kr

Nye bord og stolar til møtesalane i kommunehuset 200 000 kr

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – Investering**

Digitalisera arkiv 750 000 kr

## **Total**

Funksjonsområde 1 reduserer rammene med 2,021 millionar kroner frå 2016 til 2017 til ei total forventna kostnad på 15,859 millionar kroner. Den største nedgangen kjem på funksjon 120 der omfordeling av forsikringar, IKT kostander og andre tenester knytt til kjøp frå andre kommunar er redusert med 1,874 millionar kroner.

## **Funksjonsområde 2: SKULE, BARNEHAGE, VAKSENOPPLÆRING OG FRITIDSTILBOD BARN/UNGE**

### **Funksjon 201: Barnehage**

Øye, Fredheim, Åsvang og Ryfoss.

#### **Mål og viktige planar**

Barnehagen skal legge til rette for:

- God utvikling for kvart enkelt barn i eit trygt og stimulerande læringsmiljø der leiken står i sentrum.
- Godt samarbeid mellom heim og barnehage.
- God overgang mellom barnehage og skule.
- Utvikle personalet gjennom vidareutdanning, kompetansetiltak og rettleiing av nyutdanna/nytilsette.
- Oppretthalde full barnehagedekning.

Målsettinga om full barnehagedekning i Vang er oppfylt dei siste åra.

I forslaget til statsbudsjett for 2017 er maksimalprisen for heiltidsplass i barnehage auka frå gjeldande 2655 kr til 2730 kr pr. måned.

Ut i frå fødselstala vil det bli ein reduksjon i talet på barn i barnehagane i økonomiplanperioden.

Vi oppfyller ønske om barnehageplass fortløpande viss det kan skje utan auke i driftsutgiftene. Hovudopptaket er om våren etter kunngjering i lokalavisa.

Sjå funksjon 221 om barnehagelokale og skyss der utvikling i barnetal og framtidig barnehagestruktur er kommentert.

### **Funksjon 202: GRUNNSKULE**

#### **Mål og viktige planar**

- Sikre eit fagleg godt grunnskuletilbod med god kunnskapsformidling.
- Skulen skal vere ein trygg stad å vere og ein god stad å lære.
- Stimulere til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid.
- Legge til rette for vidareutdanning av personalet for å dekke Vang kommune som skuleeigar sine behov og statlege krav til kompetanseheving.
- Legge til rette for gode overgangar barnehage – grunnskule – vidaregåande skule.
- Legge til rette for godt samarbeid mellom heim – skule.
- Nytte nærmiljøet og lokalsamfunnet i undervisninga.
- Halde ved like/styrke vektlegging på fysisk aktivitet.

## **Personalsituasjonen og nye satsingsområde**

Det er 32 lærarar i grunnskulen i Vang inkludert stillingane til rektor, inspektør og rådgjevar. Ved introduksjonssenteret og vaksenopplæringa er det 6 lærarar inkludert leiarstillinga. Av lærarane er det 4 lektorar, 15 adjunktar med tilleggstudanning og 13 adjunktar. Berre to av lærarane er utan godkjent utdanning

Elles i grunnskulen er det 10 assistentar (7 av desse med fagbrev), 2 vaktmeistarar, 3 reinhaldarar og 1 sekretær. 12 av lærarane er seniorar over 55 år og frå denne alderen har dei rett på reduksjon i undervisningstid (sentral avtale). I tillegg er det ei kommunal ordning for alle tilsette med 10 pst. redusert arbeidstid frå fylte 62 år. Seniortiltaka utgjer til saman 122 pst. stilling. Ekstramidlar til å oppfylle desse avtalene er lagt inn i budsjettet.

Fleire utviklingsprosjekt er i gang i grunnskulen, frå 2013 til 2015 var temaet klasseleiing vidare framover blir hovudsatsinga lesing som grunnleggande ferdigheit og vurdering for læring. Elles er Vang av dei kommunane i fylket som har lågt fråfall i vidaregåande skule.

## **Funksjon 211: STYRKA BARNEHAGETILBOD**

### **Mål og viktige planar**

- Setje i gang og følgje opp med ekstra hjelpetiltak for barn som treng det.

For å førebyggje seinare vanskar er det viktig med tidleg innsats gjennom gode stimulerande utviklings- og hjelpetiltak for dei barna som treng det.

## **Funksjon 213: VAKSENOPLÆRING**

Opplæring for innvandrarar, grunnskuleopplæring, spesialundervisning for vaksne og vaksenopplæring etter opplæringslova.

### **Mål og viktige planar**

- Sikre ei fagleg god undervisning med god kunnskapsformidling.
- Legge grunnlaget for god integrering i det norske samfunnet.
- Hjelp den einskilde til eit meir meningsfylt liv.
- Stimulere til aktivt pedagogisk utviklingsarbeid.

Introduksjonssenteret for Vang med flyktningeteneste, undervisning av vaksne asylsøklarar, undervisning av busette flyktingar og vaksenopplæring etter opplæringslova held til på Lund og har 8 tilsette. Utgiftene varierer frå år til år med talet på dei som har rett på undervisning, men balanserer økonomisk med øyremerkte statlege tilskot.

## **Funksjon 215: SKULEFRITIDSTILBOD**

Skulefritidstilbod for småskulebarn

### **Mål og viktige planar**

- Barn frå 1. til 4. klasse som ønskjer det skal få eit godt tilrettelagt aktivitetstilbod før og/eller etter skuletid og i inntil 4 veker av skulen sine feriar.

I gjeldande vedtekter er minstetalet for SFO-tilbod fire barn, både for å gje eit godt sosialt tilbod, og for å dekkje noko av utgiftene gjennom brukarbetaling.

## **Funksjon 221: BARNEHAGELOKALE OG SKYSS**

Barnetalet i kvar barnehage varierer frå år til år, og det er usikkert om det er grunnlag for å halde alle dei 4 barnehagane i kommunen i drift i åra framover. For å halde ein barnehage open er det i statlege retningsliner tilrådd ei nedre grense på 10 barn eller ned mot 5 barn viss alle er under tre år.

Talet på barn i barnehagane har gått jamt nedover dei siste åra, frå 81 barn i 2014/2015 til 68 barn inneverande år. I 2017/2018 ser det ut til å bli 62 barn og det kan gå ytterlegare ned i 2018/2019 fordi eit stort kull fødd i 2012 da vil gå over i grunnskulen. Med grunnlag i det vi veit no vil talet på barn frå august 2017 fordele seg slik mellom krinsane: Øye: 10 (8 under 3 år), Fredheim: 23 (7 under 3 år), Åsvang: 8 (4 under 3 år), Ryfoss 21 (6 under 3 år). Tala inkluderer barn til arbeidsinnvandrarar og bebuarar på mottaket. Barn under 3 år tel for to slik at alle krinsar kjem over tilrådd minstetal. På Åsvang er det etter ønske frå fleire av foreldra «pause» i drifta inneverande barnehageår. Dette kan vere aktuelt for Åsvang også neste barnehageår, og med bakgrunn i barnetal vil det vere naturleg å gjere ei tilsvarande vurdering for Øye barnehage. Ein eventuell reduksjon frå 4 til 2 barnehagar kan gje ein reduksjon i bemanning på ca. 250 stillingsprosent. Utgifter til barn med spesielle behov vil påverke dette, men det vil skje uavhengig av barnehagestruktur.

## **Funksjon 222: SKULELOKALE**

Utbygginga av VBU med fleirbrukshall og terapibasseng vil vere ferdig i januar 2017. Av planlagt arbeid innafor budsjettetramma på 131,7 mill. vil det stå at noko arbeid på uteanlegget til våren 2017.

Ferdig utbygd vil arealet på VBU auke frå ca. 5400 m<sup>2</sup> til 8700 m<sup>2</sup>. Det er ført opp 500 000 kr til innkjøp av reinhaldsmaskin i 2017. Med denne investeringa reknar ein med å klare reinhaldet av heile arealet innafor gjeldande lønsbudsjett.

Det nye varmpumpeanlegget vil redusere straumforbruket slik at det blir omtrent som no d.v.s. ca 1 000 000 kWh pr. år.

Det hadde vore bra om Vang kommune med dette investeringsløftet hadde vore ferdig med store påkostningar på VBU, men som kjent for kommunestyret så er det taklekkasjer på Zandasteintaket som var lagt i 1981. Eit steintak må ha tett undertak. Alder kombinert med uheldig teknisk løysing som gjev bakfall for vatnet, gjer at det er lekkasjer på undertaket. Dei er ikkje store men vil etter kvart føre til råteskader. Lufteløsninga på taket er også for dårleg. Saman med snau isolering fører dette til ising langs takkanten.

Innafor ei kostnadsramme på 5 mill. eks.mva. er følgjande utbetningsarbeid planlagt utført i 2018: Takstein blir take av og undertaket reve før ein lektar opp 100 mm, tilleggisolerer legg ny vindsperre, ny opplekting for lufting, nytt undertak + lekting under takstein. Det må også lagast lyrer etter mønet for å oppnå god nok lufting.

## **Funksjon 223: SKULESKYSS**

Skuleskyssen blir organisert av fylkeskommunen og utgiftene fordelt mellom kommune og fylkeskommune.

Elevar i første klasse har rett på skuleskyss når avstanden frå heim til skule er over 2 km, elevar frå 2. til 10.klasse har rett på skyss når avstanden frå heim til skule er over 4 km.

Der skulevegen blir vurdert som spesielt trafikkfarleg kan kommunen sjå bort frå kravet til avstand og tilby skuleskyss. Kommunen må i slike tilfelle ta kostnaden sjølv.

## **Funksjon 231: AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE**

FRI-NAT, fritidsklubben, ungdomsrådet og tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar. Det er også midlar til fritidsaktivitetar for barn og unge på funksjonane 370 bibliotek, 373 kino, 377 kunstformidling, 380 idrett og 383 musikk- og kulturskular.

### **Mål og viktige planar**

- Gje barn og ungdom så positive opplevingar med å vekse opp i vår kommune at dei føler at Vang er verd å kome tilbake til.
- Legge til rette for arbeidet i ungdomsrådet og følgje opp tiltak, aktivitetar og arrangement for ungdomsgruppa.

Budsjettet omfattar lønsutgifter til miljøarbeidar i halv stilling, fjelltur i Jotunheimen med to overnattingar for 9. klasse og andre aktivitetar innafor FRI-NAT i løpet av skuleåret.

Ungdomsrådet fungerer godt. Det blir lagt vekt på at ungdommen sjølv viser initiativ, kjem med framlegg til arrangement/tiltak og er med på gjennomføring.

I 2017 er midlane planlagt brukt til følgjande aktivitetar:

- Drift av ungdomsklubben organisert som ”allaktivitetskveldar”
- Kurs, tiltak og arrangement som det blir teke initiativ til gjennom året
- Ungdommens kulturmonstring (UKM)

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 2**

### **Funksjon 201 - 202**

Flytta kostnader til ikt,m.m frå funksjon 120	399 000 kr
Reduserte forventa sjukerefusjonar	230 000 kr

### **Funksjon 211 - 213**

Reduserte forventa overføringar frå staten og sjukerefusjonar	405 000 kr
---	------------

### **Funksjon 222**

Auka lønsbudsjett grunna arealauking på VBU. Denne blir nok redusert igjen da det blir kjøpt inn nytt maskinelt utstyr slik at ein ikkje treng å auke bemanninga.	500 000 kr
---	------------

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

VBU-utbygginga, totalkostnad fordelt på åra 2015-2017:	131,7 mill.kr
Utbeiring/ombygging av «det gamle» taket på VBU i 2018:	5 mill.kr

Total aukar budsjettet til funksjonsområde 2 med 3,8 millionar kroner der lønsaukinga står for 2 millionar kroner eller 5,2%. Det er bare auka bemanning på funksjon 222, resten følger den generelle forventa lønsaukinga på 2,7 % og ei noko dyrare pensjon i 2017.

## **Funksjonsområde 3: HELSETENESTER, AKTIVISERING, SERVICETENESTER**

I følge folkehelselova skal kommunen leggje folkehelseperspektivet til grunn i heile verksemda si. Føremålet med lova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, deriblant utjamning av sosiale helseskilnader. Folkehelsearbeidet skal fremje helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige tilhøve og bidra til å førebyggje psykisk og somatisk sjukdom, skade og lidning. Det er m.a. krav til skriftleg oversyn over helsetilstanden, aktivt og sektorovergripande førebyggjande arbeid og krav til samhandling mellom kommunen og helseføretaket og ev. andre kommunar for å løyse ulike oppgåver.

### **Funksjon 232: HELSESTASJON OG SKULEHELSETENESTE**

Helsestasjon, skulehelseteneste, interkommunal jordmorteneste, svangerskapskontroll og barselomsorg.

#### **Mål og viktige planar**

- Individretta sjukdomsførebyggjande arbeid, spesielt relatert til livsstil, m.a. rusmisbruk
- Oppretthalde fokus på godt fysisk og psykososialt oppvekstmiljø for barn og unge
- Spesiell merksemd på unge med psykososiale vanskar
- Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule 2016/17.  
Helserådgjevar ved Valdres vgs. er styrka frå 80 til 100% stilling skuleåret 2016/2017 finansiert av midlar frå «Tilskudd til skulehelsetjenesten i vidaregåande skole, statsbudsjettet 2016 kap. 762, post 60». Valdres er tildelt 300 000 kr.
- Helsestasjon og skulehelsetenesta jobbar systematisk med å førebygge fysiske og psykiske plager og sjukdom. Dette er eit vesentleg bidrag i det totale folkehelsearbeidet til befolkninga. Det blir jobba direkte med barn og unge og med foreldregruppa.

Her inngår 1,5 helsesystemstilling, 1,2 årsverk sjukepleiar på asylmottaket, tilskot til interkommunal jordmorteneste og helserådgjevar ved Valdres vidaregåande skule.

### **Funksjon 233: ANNA FØREBYGGJANDE HELSEARBEID**

Oversyn og planlegging etter folkehelselova, miljøretta helsevern, smittevern og ulike folkehelsetiltak.

#### **Mål og viktige planar**

- Folkehelseaspektet skal vurderast ved all kommunal aktivitet og planarbeid.
- Auke interessa for livsstil i befolkninga, spesielt fysisk aktivitet
- Jobbe aktivt for å få fremje psykisk helse og livskvalitet gjennom regjeringa sitt 10-årige folkehelseprogram.
- Oppdatert oversyn over folkehelsa.
- Opprette migrasjonshelseteam.

Her inngår 0,2 kommuneoverlegestilling og 0,2 stilling for folkehelsekoordinator.

## **Funksjon 234: AKTIVISERING OG SERVICETENESTER FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA**

Tenester til eldre, personar med nedsett funksjonsevne, psykiske lidningar, utviklingshemming mv.: Eldresenter og dagsenter for heimebuande, aktivitetssenter for personar med utviklingshemming, dagsenter for personar med psykiske problem, transporttenester, støttekontakt, matombringning, tryggleiksalarm, ferie-/velferdstilbod, frisør, fotpleie og frivilligsentral.

		<u>Årsverk</u>
Dagsenter Vangsheimen	Omsorgsarbeidar/hjelpepleiar	0,4
	Assistent	0,4
Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens	Sjukepleiar	0,1
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	0,75
Lund Arbeidsbase/VTA	Sosialpedagog	1,0
	Fagarbeidar	0,5
Dagsenter psykiatri	Sjukepleiar	0,2
	Miljøterapeut	0,2

### **Mål og viktige planar**

- Oppretthalde tilpassa dag-, arbeids- og aktivitetstilbod for menneske med nedsett funksjonsevne grunna alder, fysisk eller psykisk sjukdom. Ivareta livskvalitet, behov for sosial kontakt og aktivitet gjennom førebygging og meningsfylte aktivitetar.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske lidningar gjennom dagsentertilbod.
- Legge til rette for normalisert livssituasjon gjennom arbeids- og aktivitetstilbod.
- Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens – vidareutvikle tilbodet og informasjon om dette for å nå fleire i målgruppa.
- Oppfølging av tiltak etter brukarundersøking (gjennomført i 2016).
- Samarbeid med elderrådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Auka samarbeid med frivillige

Lund Arbeidsbase har aktivitets- og arbeidstilbod (VTA) for menneske med behov for tilrettelagt arbeid og/eller nedsett funksjonsevne. Det er tilbod for personar med behov for arbeids-/ språkpraksis frå vidaregåande skule eller NAV.

Dagsenter på Lund for personar med psykiske lidningar er ope 1 dag i veka.

Dagtilbodet ved Vangsheimen er ope to dagar kvar veke.

Grindablikk - Dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens er vidareført med opningstid 2 dagar pr. veke i 2017.

Stønadsordning for dekning av ekstrautgifter ved behov for assistanse på ferie og fritidsreiser er vidareført med kr 115 000 + sos. utg. i 2017.

## Vang frivilligsentral

Frivilligsentralen held til i biblioteket og er organisatorisk lagt til skule- og kulturetaten. Dagleg leiar er tilsett i heil stilling. Sentralen har ope kl. 11–15 måndag, tysdag og onsdag. Med utlånsautomat i biblioteket kan publikum innanfor sentralen sine opningstider også låne bøker sjølv om biblioteket ikkje er bemanna. Frivilligsentralen har eige styre. Hovudutval for levekår er årsmøte, og vedtek handlingsplan, budsjett, årsmelding og rekneskap.

Dei siste 25 åra har kulturdepartementet overført statstilskotet direkte til den enkelte sentral, basert på søknad og rapportering. Frå og med 2017 overførast midlane direkte til kommunen. I ein overgangsperiode på fire år blir midlane fordelt særskilt innanfor rammetilskotet (tabell C) Regjeringa foresler at tilskotet blir trappa opp i fireårsperioden for å styrke sentralane og kompensere for midlar til kompetanseutvikling som før vart tildelt regionane.

## Mål og hovudmålgrupper

- Vere ein katalysator for frivillig verksemd i Vang
- Vere ein sosial møteplass på tvers av generasjonar og kultur
- Vere ein støttespelar for frivillige lag og aktivitetar i kommunen
- Vere ein synleg og påliteleg aktør for heile bygda
- Samarbeide med mellom anna biblioteket om å gje innbyggjarane i Vang spanande kulturopplevingar
- Hovudmålgrupper:
  - Eldre og hjelpetrengande – tilbod som bidreg til at dei kan bu og trivast heime lenger.
  - Asylsøkjarar – integrering, aktivisering og informasjon.
  - Tilflyttarar – tilbod som aukar bulyst og trivsel i kommunen.
  - Barn og unge – tilbod som bidreg til at dei føler seg som ein del av eit fellesskap.
  - Dei som av ulike grunnar fell utanfor dei etablerte frivillige aktivitetane – støtte opp om initiativ/vere pådrivar for dei som ynskjer å bidra.

## Funksjon 241: DIAGNOSE, BEHANDLING OG RE-/HABILITERING

Legeteneste, interkommunal legevakt, naudnett, fysioterapi, ergoterapi med formidling av hjelpemiddel, frisklivssentral, psykiatrisk sjukepleieteneste, Valdres lokalmedisinske senter, betaling for medisinsk behandling i utlandet og tilskot til Norsk Pasientskadeerstatning.

## Mål og viktige planar

- Bidra til heilskapleg behandlingsskjede for personar med psykiske og andre sjukdommar, i nært samarbeid med sjukehusa og ev. andre kommunar
- Fremje brukarmedverknad
- Oppretthalde noverande tenestenivå.

- Koordinerende Eining (KE) skal implementerast.
- Rullere plan for habilitering og rehabilitering – ansvar KE
- Valdres legevakt: Bemanninga er auka med ei 80% stilling som sjukepleiar. Dette er grunngeve med å oppnå forsvarleg bemanning. Bemanninga har ikkje vore vurdert etter at regionen vart eitt legevaktdistrikt frå 2014. Det er ei auke i oppgåver og kompleksitet. Legevakta må ha naudsynt beredskap for å fylle kriteria i akutforskrifta som kom våren 2015. Auken på 80% er prioritert av HO Forum (juni 2016).  
Frå verksemda er det fremja ynskje om ytterlegare auke på 40% stilling for å få delt turnus mellom intermediæravdelinga og legevakta. Denne auken er så langt ikkje prioritert av HOF, og ligg ikkje i budsjettforslaget.  
Det er budsjettert med kr. 10 000,- i kursmidler på legevakt.  
Legevakta har kostnadar til naudnett og lisensar som var budsjettert med kr. 245 000 i 2016. Kostnaden er vidareført i 2017.
- Kommunepsykolog (ar) i Valdres. Det er varsla eit lovkrav om psykolog i kommunane frå 2020. Valdres jobbar felles for å rekruttere psykologar til regionen. Det er søkt tilskottsmidlar og Nord-Aurdal kommune har vedteke å tilsetje psykolog. Det er behov for meir enn ein psykolog i Valdres. Kommunane må jobbe vidare med organisering og rekruttering fram mot 2020. For 2017 har Nord- Aurdal kommune opna for sal av psykologtenestar . Vang har budsjettert med eit lite beløp til dette, då behovet er stort.
- Kommunale akutte døgnplassar (KAD) innan psykisk helse og rus – kommunal plikt frå 2017. Målgruppa for KAD-plassane er pasientar med lettare og moderate psykiske helseproblem og/eller rusproblem, eller pasientar med avklart tilstand/diagnose som for ei forverring i sin sjukdom med akutt funksjonsnedsetting. Vang vil legge KAD-tilbodet til Valdres lokalmedisinske senter (VLMS). Tilbodet blir samlokalisert med intermediæravdelinga og KAD-tilbodet for somatiske pasientar. Det er planlagt 1 ekstra KAD-seng. Totalt antal sengeplassar ved avdelinga blir ikkje auka (3 KAD + 9 IM). Tilbodet medfører ei styrking av bemanninga på intermediæravdelinga på natt med 2 årsverk. Tilbodet er planlagt iverksett med halvtårs verknad i 2017. Det vil vera avtale med Sjukehuset Innlandet om ivaretaking av pasientgruppa fram til tiltaket er etablert i Valdres. Tiltaket er budsjettert på funksjon 253.

## Stillingar

- Lege 2,5 stillingar (inkl. legeteneste på Vangsheimen, helsestasjon og skulehelseteneste).
- Hjelpepersonell legekantoret 2,25 stillingar. Det er tilsett personell i vakant stilling og vikariat frå hausten 2016. Vidareført i 2017.
- Fysioterapeut 1,0 stilling+ driftstilskott tilsvarande 1 årsverk for privatpraktiserande.
- Psykiatrisk sjukepleiar 2,1 stillingar (på årsbasis i 2017).
- Ergoterapeut 0,8 stilling (på årsbasis i 2017).
- Frisklivsrettleiar 0,4 stilling. Føremålet med stillinga er å få enkeltpersonar til å betra livsstilen for å redusere sjukdom.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 3

### Vidareførte tiltak som er med i økonomiplanen – drift

#### Funksjon 232

Sjukepleiarteneste i mottak 40% 201 580 kr + sos. utg.

#### Funksjon 234

Ekstraavgifter knytt til assistanse ved ferie- og fritidsreiser: 115 000 kr årleg

Statlige tilskot til Frivillighetssentralen er omgjort til rammetilskot 310 000 kr

### Nye tiltak som er med i økonomiplanen- drift

#### Funksjon 232

Styrking av skulehelsetenesta i vidaregåande skule 20% skuleåret 2016/17. Finansiert ved tilskottsmidlar.

#### Funksjon 241

Kjøp av psykologtenestar 50 000 kr

Styrking sjukepleiar legevakt 80% stilling 50 000 kr

Dette gjeld interkommunale kjøp

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift

#### Funksjon 241

Permisjon for legane jf. lokal særavtale, 400 000 kr i 2017

## Total

Funksjonsområdet har ei total budsjettauke på 1 millionar kroner der vi får reduserte inntekter på rundt 700 tusen kroner og interkommunale kjøp aukar med ca. 330 tusen kroner. Noko av aukinga på interkommunale kjøp er ny fordelingsnøkkel på ikt. Funksjonsområdet har greidd å redusere dei totale lønnskostnadene med 74 tusen kroner.

## **Funksjonsområde 4: SOSIALE TENESTER OG BARNEVERN**

### **Funksjon 242: RÅD, RETTLEIING OG SOSIALT FØREBYGGJANDE ARBEID**

NAV, sosialt førebyggjande arbeid (m.a. rusmiddelarbeid og skjenkeløyve/-kontroll), Hønefoss krisesenter (for kvinner og menn) og SMISO (Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep).

Sjukehuset Innlandet HF tok over ansvaret for SO-mottak frå 1.1.2016.

NAV Valdres er eit administrativt vertskommunesamarbeid med overføring av mynde til Nord-Aurdal som vertskommune, jf. kommunelova § 28 a, b og e.

Driftsbudsjett og økonomiplan for NAV Valdres blir vedteke av vertskommunen, og stønadsbudsjett og deltakarkommunane sine løyvingar til NAV Valdres blir behandla i den einskilde deltakarkommune.

Budsjettet for NAV Valdres består av eitt «kontorbudsjett» - delt på KOSTRA-funksjonane 242 og 243. I tillegg er det eitt tiltaksbudsjett for kvar kommune, fordelt på dei tre funksjonane 243,276 og 281.

Bemanninga i NAV Valdres er ikkje endra i høve til gjeldande budsjett for 2016. 50% auke i bemanning 2016 knytt til auka busetjing av flyktningar, er vidareført i 2017.

Budsjettet for kjøp frå staten er redusert med 300 000 kr fordi det vil vera mindre mogleg å bruke statleg tilsette som vikar ved fråvær i kommunale stillingar i 2017.

I 2016 er det budsjettert med ein kostnad på 200 000 kr til ombygging av kontorlokale med refusjon på kr. 100 000 frå staten. Desse postane er teke ut av budsjettforslaget for 2017.

Ungdomsteamet er eit samarbeid med Oppland fylkeskommune, der OFK er arbeidsgjevar. Det er budsjettert med 242 000 kr til kjøp av tenester frå fylkeskommunen i 2017. Kostnaden kan bli noko høgare enn budsjettert i 2017 pga lønsendringar. Dette er ikkje lagt inn i budsjettet.

I framlegget til budsjett frå NAV er det det ikkje teke omsyn til eventuelle effektar av endra organisering jf. framlegg i eigen kommunestyresak, då saka ikkje er behandla i alle kommunane enno. Verksemdsleiar meiner ei endra organisering gjev potensiale for ein vesentleg reduksjon av kostnadane og med det ei innsparing for kommunane. Vidare vil foreslått organisering gje ein meir effektiv bruk av personalressursane og følgeleg gjere at ein kan redusere behovet for auka bemanning knytt til nye oppgåver som aktivitetsplikta. Om kommunane vedtek å ikkje endre organiseringa, vil mykje av videokonferanseutstyret måtte skiftast ut, då dette er i ferd med å bli for gammalt. Dette er ein vesentleg kostnad som ikkje ligg i forslag til budsjett.

Tala i teksten over gjeld NAV Valdres. Vang sin del er rekna etter folketal.

Rusførebyggjande arbeidsgruppe i Vang skal styrke kompetansen og samordne ressursar blant lærarar, helse- og sosialpersonell, politi, kulturarbeidarar, frivillige organisasjonar og andre. Gruppa skal følgje opp arbeidet med å nå dei ruspolitiske måla, og ta initiativ og setje i verk tiltak som følgjer handlingsplan. Det er vidareført 20 000 kr til arbeidsgruppa.

## **Funksjon 243: TILBOD TIL PERSONAR MED RUSPROBLEM**

Tiltak for rusmiddelmissbrukarar, m.a. institusjonsopphald, behandlingstiltak for rusmisbrukarar og ettervern.

Sosialtenesta og helsesyster har ansvar for at gravide rusmisbrukarar får rett behandling. Også innan psykisk helsevern er dette ei viktig oppgåve.

For NAV Valdres er rusteamet vidareført. Det er budsjettert med 850 000 kr i statleg tilskott til rusarbeid. Dette er ei auke på 50 000 kr. frå inneverande års budsjett og identisk med tilsagn for 2016.

## **Funksjon 244: BARNEVERN TENESTE**

### **Sentrale føringar og utviklingstrekk**

Felles barnevernteneste for Vang og Vestre Slidre jobbar etter Lov om barneverntenester. Hovudoppgåva er å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid.

Det er ei statleg styrking av kommunale barnevernstenester.

### **Status**

Barnevernstenesta i Vang og Vestre Slidre er kvalitativt god, men den er liten og svært sårbar med berre 4,4 årsverk. Det er ikkje etablert barnevernvakt i Valdres for kveld og natt. Politiet har dette ansvaret, og dei kontaktar barnevernleiar ved behov.

Barnevernstenesta sin aktivitet blir til ein viss grad styrt av antal mottekne bekymrings - meldingar, då alle mottekne meldingar skal vurderast og i mange tilfelle undersøkast. Vidare arbeid vil avhenge av omsorgssituasjonen.

Det har vore ei stor auke av bekymringsmeldingar og undersøkingar i 2016. Totalt er det no 66 barn/unge som får oppfølging av barnevernet, inkludert bufellesskap med 5 einslege mindreårige. Dette gjeld barn og unge i begge kommunane i alderen 0-18 (23) år, der hovudvekta av tiltaka er for aldersgruppa 6 – 13 år. I tillegg har vi 3 barn plassert frå andre kommunar, som vi har tilsynsansvar for. Det er sett i verk tiltak frå fosterheimar til enklare hjelpetiltak i heimen. Det enkelte barn kan ha fleire tiltak.

Dette har ført til eit auka arbeidspress for dei tilsette i tenesta. Ved langvarig sjukefråvær må tenesta leige inn konsulentar for å få gjennomført undersøkingar og få bistand i saker for å halde fristane for sakbehandling og dokumentasjon. Dette er ei svært dyr ordning. Barnevernstenesta har og det siste året måtte få utvida fristane for undersøkingar.

Det er god økonomi å ha eit robust barnevern som har tilstrekkeleg kompetanse, ressursar og tiltak for å kunne løyse oppgåvene dei er sett til. Tidleg innsats og tverrfagleg forebyggjande arbeid kan redusere omfattande og kostbare tiltak utanfor heimen. Tidleg innsats kan og redusere omfattande og langvarige konsekvensar for det enkelte barn.

Barnevernstenesta har eit utstrakt samarbeid med andre faginstansar i kommunane, og med interkommunalt barnevern for dei 4 andre Valdreskommunane.

Som del av Fylkesmannen i Opplands planlagde tilsynsverksemd, skal det gjennomførast tilsyn med kommunen sitt arbeid med meldingar til barnevernstenesta og tilbakemelding til meldar, i november -16.

Fylkesmannen i Oppland har tildelt barnevernstenesta i Vang og Vestre Slidre 50% stilling, med ½ års verknad for 2016 og vidareføring i 2017, etter vurdering basert på risikoanalyse, funn frå forvaltningsrevisjonen og revisjon.

#### **Mål for barnevernet i 2017**

Koma i konstruktiv dialog med utsette familiar tidligare i barnets liv, for å sikre nødvendig omsorg og hjelp til rett tid.

#### **Tiltak**

- Auke bemanninga med 1 årsverk.
- Vidareutvikle det tverrfaglege forebyggande arbeidet for i endå sterkare grad gje helsesyster, styrarane, rektor og fastlege større ansvar for å avdekke barnets omsorgssituasjon, slik at utsette familiar tidleg får konstruktiv og praktisk hjelp til å betre omsorgssituasjonen.
- Starte ein prosess for å vurdere om barnevernstenesta for Vang og Vestre Slidre framleis skal vere ein teneste, eller om det er grunnar for å slå seg saman med barnvernstenesta for resten av Valdres. Område som må vurderast er mellom anna:
  - Vil eit større fagmiljø med fleire tilsette styrke det målretta forebyggande arbeid på ein måte som vil forebygge høge utgifter til meir alvorlege barnevernstiltak?
  - Vil tenesten kunne organiserast på ein måte som gjer tenesten like synleg og tilgjengeleg i alle kommunane som med dagens organisering?
  - Dersom kostandane knytt til enkeltsaker fortsatt skal dekkast av heimkommunen, vil ei samanslåing av tenestene auke eller redusere kostandane til fagpersonell og andre administrative utgifter?

### **Funksjon 251: BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET IKKJE ER PLASSERT AV BARNEVERNET**

Hjelpetiltak, plassar i senter for barn og familiar og tiltaksstillingar i barneverntenesta.

Avlastning er som oftast retta mot foreldre som er åleine om omsorga i ein hektisk kvardag. Tiltaka rettar seg og mot ressursvake foreldre der born har behov for tryggleik og oppfølging. Dekning av barnehage og SFO er også førebyggjande tiltak.

Barneverntenesta er inne i familiane med rettleiing i foreldrerolla og oppseding generelt. Det offentlege må delta i ansvaret for born si utvikling. Barneverntenesta har ikkje alltid kapasitet til å følgje opp alle familiar, og må difor nokre gonger leige inn rettleiarar.

Leksehjelp er viktig for born og unge som ikkje klarer å hengja med i alle fag på skulen.

### **Funksjon 252: BARNEVERNTILTAK NÅR BARNET ER PLASSERT AV BARNEVERNET**

Fosterheim, akutt plasseringar, institusjon, bufellesskap, hjelpetiltak i tillegg til plassering, tilsynsførar i fosterheim.

#### **Bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar**

Kommunestyret gjorde i 2015 vedtak om å opprette eit bufellesskap for mindreårige flyktningar. I sak KS-052/15 sto mellom anna:

Vang kommune buset einslege mindreårige born i bufellesskap i Gullringen. Det skal til ein kvar tid vera 6 born i bufellesskapet i perioda 2016-2019. Under skule- og kulturetaten ligg introduksjonssenteret , og ein ser fordelene av å legge bufellesskapet inn under denne avdelinga. Oppfylgingsansvaret av borna vert lagt til felles barnevern for kommunen.

Ein føresetnad er at tilskots - og refusjonsordningane ikkje vert redusert frå dagens nivå.

Midlar til vidare drift er innarbeidd i budsjettet for 2017, og det samla statstilskotet til busetting av einslege mindreårige flykningar sikrar full inndeckning av driftsutgiftene til bufellesskapet i Gullringen.

Alle dei 6 ungdommane er no på plass i bufellesskapet og bemanninga utgjer tilsaman 508 stillingsprosent.

Det har vore ein arbeidskrevjande oppstartperiode, men dyktig leiing og eit dyktig personale har etablert ein ny trygg og aktiv heim for dei 6 ungdommane. På dagtid er dei elevar på VBU og på ettermiddag og kveld deltek dei m.a. i fritidsaktivitetar med jamnaldrande.

Driftsperioden på ca. 6 månadar er for stutt til å evaluere alle sider av tiltaket. Dette vil ein kome attende til i årsmeldinga for 2016 og i neste års økonomiplan.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 4**

### **Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift**

#### **Funksjon 242**

Redusert lønsutgifter -165 000 kr

#### **Funksjon 244**

Auka utgifter til barnevernteneste grunna eingongs tilfelle i 2016. Tala er anslag då det ikkje er kome tal frå Vestre Slidre. 277 000 kr

#### **Funksjon 252**

Statlige overføringer er flytta til funksjon 850 2 934 000 kr

### **Ikkje med i økonomiplana**

#### **Funksjon 244**

Vi har nå fått tal frå Vestre slide og kostnadene er høgere enn antatt. 150 000 kr

### **Total**

Funksjonsområdet har ei forverring på 2,619 millionar kroner i hovudsak grunna flytting av statlige overføringer. Ser ein bort frå dette endar vi opp med ei moglig budsjettreduksjon.

# **Funksjonsområde 5: HELSE- OG OMSORGSTENESTER, INSTITUSJONSLOKALE OG BUSTADER**

## **OVERORDNA MÅLSETJINGAR**

- Utvikle gode og bærekraftige helse- og omsorgstenester ved å utforme nye løysingar. Dette handlar om å ta i bruk dei samla omsorgsressursane i samfunnet, ny teknologi, nye faglege metodar.
- Naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester av god kvalitet, på rett nivå, tilpassa brukarane sine individuelle behov innanfor vedtekne rammer.
- Differensierte bustad- og institusjonstilbod med god fagleg kvalitet.
- Aktiv alderdom trass i fysiske og psykiske plager.
- Brukarmedverknad og personlege val i den daglege omsorga.
- God ressursutnytting med tenleg fordeling mellom administrative og tenesteytande oppgåver.

## **Funksjon 253: HELSE- OG OMSORGSTENESTER I INSTITUSJON**

Brukarretta oppgåver i samband med helse- og omsorgstenester i institusjon med langtids- og korttidsopphald, kjøken, vaskeri, aktivtør mv, medisinske forbruksvarer, tekniske hjelpemiddel, inventar og utstyr, administrasjon/leiing, opphaldsbetaling og betaling for utskrivingsklare sjukehuspasientar.

### **Mål og viktige planar**

- Langtids-, korttids-, rehabiliterings- og avlastingsopphald med god fagleg kvalitet.
- Korttidsplassar for utgreiing, behandling, rehabilitering, lindrande behandling m v.
- Vidareutvikle samarbeid og god flyt mellom tenestane i Vang og VLMS.
- Rekruttere og behalde kvalifisert personale.
- Styrke leiarkompetansen
- Kompetanseheving gjennom internundervisning, studiegrupper, kurs.
- Fagsystema Profil og Notus: Vurdere ulike former for velferdsteknologiske løysingar opp mot Profil.
- Arbeidsmiljø og HMS; kontinuerleg oppfølging av risikovurdering og handlingsplanar.
- Beredskap: Utarbeiding av ROS- analyse, gjennomgang og oppdatering av beredskapsplanar.
- Vidareutvikle brukarmedverking med brukarane og pårørnde. Jf. Rettleiar for brukarmedverking i Vang kommune.

Vang kommune har 16 langtidsplassar og 10 korttidsplassar i institusjon. Korttidsplassane blir brukt til utgreiing, observasjon, behandling, lindrande behandling, rehabilitering og avlasting.

		<b>Årsverk</b>
<b>Langtid</b> (Sy'garden og Midtgarden)	Sjukepleiar/vernepleiar	3,12
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	12,21
	<u>Ufaglærte assistentar</u>	0,94
	<u>Sum Vangsheimen langtid pleie</u>	<u>16,27</u>
	Vikarbank	2,0
	Lærling helsefag	2,0
	Leiar + rådgjevar	1,5
	<u>Merkantil</u>	<u>0,5</u>
	<b><u>Sum Vangsheimen langtid</u></b>	<b><u>22,27</u></b>
<b>Korttid/rehab.</b> (Uppigarden)	Sjukepleiar/vernepleiar	2,86
	Helsefagarbeidar/hjelpepleiar	2,62
	<u>Ufaglærte assistentar</u>	<u>0,27 5,75</u>
	<u>Leiing (felles med heimesjukepleie)</u>	<u>0,5</u>
	<b><u>Sum korttid/rehabilitering</u></b>	<b><u>6,25</u></b>
<b>Støttefunksjonar</b>	<u>Kjøken</u>	<b><u>3,11</u></b>
	<b><u>Sum Vangsheimen funksjon 253</u></b>	<b><u>31,63</u></b>
<b>Barneavlastinga</b>	knytt til Butilbod miljø	1,13 årsverk.
<b>Nytt tiltak barneavlastning</b>	knytt til Butilbod miljø	0,97 årsverk

Mindre justeringar mellom avdelingar og funksjonar førekjem som resultat av nye turnusar.

### **Valdres lokalmedisinske senter (VLMS) – intermedieæravdeling**

Avdelinga har 9 intermedieærplassar (mellom kommune og sjukehus) og 2 observasjonssenger for legevakta somatikk (KommunalAkuttDøgnplass).

Det er budsjettert med 100% stilling som overlege. Dette er i samsvar med budsjett 2015.

Verksemda har fremja ynskje om å auke bemanninga med 60% stilling for å styrke bemanninga på helg. I dag er det lågare bemanning på intermedieæravdelinga enn i korttidsavdelinga til NAK. I 2016 har ein i periodar leigd inn ekstra personell og brukt overtid for å ha forsvarleg bemanning. Auken vil medføre at ein kan fjerne langvakter på helg.

Frå 2017 får kommunane plikt til å ha ein KAD-plass for pasientar med hovuddiagnose innan psykisk helse og rus. Denne blir lagt til intermedieæravdelinga. Det blir totalt 12 plassar (uendra). Avdelinga blir styrka med 2 årsverk (ekstra nattevakt). Styrkinga er budsjettert med ½ års drift.

Det er budsjettert med 50 000kr til kurs.

*HO forum har drøfta alle interkommunale tiltak på helse- og omsorgsområdet samla, og sett på behov for styrking / mogleg reduksjon. Dette har vore gjort i tett samarbeid med vertskommunen. HO forum har tilrådd å styrke dei interkommunale tenestane intermedieæravdeling og legevakt med 3 årsverk. HO forum har også tilrådd vidareføring av avdelingsjukepleiarstillinga ved intermedieæravdelinga. Det er opp til vertskommunen å disponere årsverka.*

## Funksjon 254: HELSE- OG OMSORGSTENESTER TIL HEIMEBUANDE

Praktisk bistand og opplæring, brukarstyrt personleg assistent (BPA), avlastning utanfor institusjon, omsorgsløn, helsetenester i heimen (heimesjukepleie, psykisk helseteneste mv.) og eigendelar for praktisk bistand og opplæring.

### Mål og viktige planar

- Naudsynt og forsvarleg helsehjelp skal ytast i heimen så lenge det er mogleg.
- Tilstrekkelege og fleksible heimetenester tilpassa den einkilde sine behov for å oppretthalde eigenomsorg lengst mogleg.
- *Praktisk bistand og hjelp i heimen* til menneske med endra funksjonsnivå grunna fysisk eller psykisk sjukdom.
- Aktiv førebygging for å sikre god helse og godt funksjonsnivå.
- Vidareføre og utvikle *Kreftsjukepleiarfunksjonen* i Vang kommune.
- *Avlastning* til pårørande med ansvar for personar med særleg hjelpebehov, slik at dei kan ha omsorg for sine næraste i heimen lengst mogleg, og samstundes meistre kvardagen.
- Naudsynt helsehjelp, pleie og omsorg til pasientar som er utskrivingsklare frå sjukehus og har behov for vidare helsehjelp i kommunen.
- Lage system for, og setje i gang med *førebyggande heimebesøk*.
- Gjennomføre brukarundersøkingar kvart andre år.
- Oppfølging av Rettleiar for brukarmedverknad.
- Velferdsteknologi: Planlegge utskifting frå analoge til digitale tryggleiksalarmar, med moglegheit for å ta i bruk andre velferdsteknologiske hjelpemiddel

Innslagspunktet for refusjon for ressurskrevjande tenester blir på 1 157 000 kr, refusjonen uendra på 80 pst.

Øystre Slidre kjøper tenester av Vang kommune for ca. 1 mill. kr gjennom samarbeidsavtale.

		<b>Årsverk</b>
<b>Heimesjukepleie</b>	Sjukepleiar	4,85
	Helsefagarbeidar	4,6
	Assistent	0,49
	<b>Sum heimesjukepleie</b>	<b>9,94</b>
<b>Heimehjelp</b>	Ufaglært/assistent	3,0
	Leiing (0,5 leiar og 0,5 rådgjevar)	1,0
	Merkantil	0,55
	<b>Sum heimetenesta</b>	<b>14,45</b>
<b>Miljøtenesta</b> Bakkehaugen	Avd.leiar	0,96
	Vernepleiar	0,55
	Fagarbeidar	3,7
	Assistent	1,86
	<b>Sum Bakkehaugen</b>	<b>7,08</b>
Grindatun	Avd.leiar	0,97
	Vernepleiar	1,59
	Fagarbeidar	4,21
	Assistent	1,22
	<b>Sum Grindatun m.fl</b>	<b>7,75</b>
Prestgardsstigen Barneavlastinga	Leiar	1,0
	Merkantil	0,5
	<b>Sum miljøtenesta</b>	<b>16,33</b>

**Tiltak i heimen** (BPA, miljøarbeid, heimesjukepleie) **12,21** årsverk

**Støttekontaktar** 380 timar/mnd (2,7 årsverk)

**Avlasting** tilsvarande 32 døgn/ mnd (fordelt både på timar og døgn).

**Omsorgsløn** 363 timar/mnd (2,4 årsverk).

*Regional kreftkoordinator* med støtte frå Kreftforeininga er vidareført i 2017. Lønstilskottet frå Kreftforeininga var på 75% dei fyrste 2 åra. Tilskottet blir redusert til 60% i 2017, vidare til 40% i 2018 og 20% i 2019. Kreftkoordinator gjer ein viktig jobb med planlegging, utvikling og tilrettelegging på systemnivå, som støtte for kommunale kreftsjukepleiarar og i direkte arbeid med pasientar og pårørande. HO forum har vurdert at kreftkoordinatorfunksjonen er viktig, men at me må prioritere mellom alle våre behov og pålegg. Regional kreftkoordinator er foreslått redusert frå 100% til 75% stilling i 2017. Vang sin del utgjer 23 000 kr.

*Garasje/carport heimesjukepleiebilane.* I 2016 er det budsjettert med 650 000 kr. til carport for bilane til heimesjukepleia. Det er planlagt og teikna forslag til carport. Prisoverslaget er så høgt, at prosjektet må setjast ut og planleggast på nytt med verknad frå 2018.

## Funksjon 261: INSTITUSJONSLOKALE

Drift, vedlikehald og investeringar/påkostnader av institusjonar og bustader med pleie og omsorg heile døgeret – herunder reinhald, vaktmeister, brøyting, straum og kommunale avgifter for Vangsheimen og intermediaæravdelinga ved Valdres lokalmedisinske senter.

### Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre og funksjonshemma.
- Utbetring jf. vernerundar for å tilfredsstille gjeldande krav.
- Naudsynt utskifting av inventar og utstyr

	Årsverk
Reinhald	2,55
Vaskeri	0,99
Vaktmeister	1,0
<b>Sum funksjon 261</b>	<b>4,54</b>

Vangsheimen har framleis utfordringar med vassforsyninga med lekkasjar, ureint vatn, tette sluk og silar, og reparasjonar på maskiner og utstyr. Ein jobbar med å avdekke årsak til problema for å kunne setje i verk tiltak. Vaktmeister følgjer opp tiltak på Vangsheimen og teknisk etat tiltak på vassverket. Vatnet har vorte reinare, men er ikkje stabilt.

VLMS-E – Eigedomsselskapet: Husleige til VLMS-E, kostnadar til reinhald, vedlikehald og vaktmestertjenestar. Er redusert til 463 tusen kroner.

## Funksjon 265: BUSTADER

Drift, vedlikehald og påkostnader/investeringar av bustader kommunen eig eller leiger; herunder omsorgsbustader, bustader til flyktningar og personalbustader. Leigeinntekter og planarbeid (t.d. bustadsosial handlingsplan).

### Mål og viktige planar

- Tilretteleggje butilbod for eldre, funksjonshemma og flyktningar.
- *Forsterka butilbod* ved Nordigarden og Storplogen omsorgsbustader.
- Tydeleg ansvar- og oppgåvefordeling mellom leigetakar og utleigar.
- Tilby nye arbeidstakarar tilfredsstillande husvære.
- Arbeide for å gjere flyktningane sjølvstendige på bustadmarknaden i løpet av ansvarsperioden på fem år.
- Rullere bustadsosial/politisk handlingsplan

I følgje husleigelova kan husleiga berre aukast i tråd med konsumprisindeksen. Denne auka med 3,6 pst. frå september 2015–september 2016.

Etterkvart som bustadmassen blir eldre og større vil vedlikehaldsbehovet auke.

## Behov for nye bueiningar i Vang?

Det kjem ikkje så sjeldan opp at det er vanskar med å skaffe seg husvære i Vang . Dette er eit dårleg utgangspunkt når ei av dei største utfordringane for Vang kommune nettopp er å auke busettinga i kommunen.

Det har over tid vore fleire initiativ for å betre tilgangen på husvære i kommunen som aktivt søke opp og oppfordre til utleige, god marknadsføring av dei bueiningar som finst og forsøk på å få til nybygging. Det mest betydningsfulle enkelttiltaket er utan tvil Tveitabru Bygg AS si bygging av ca 10 bueiningar for vidaresal.

Det har vore prøvd å få lokalt næringsliv til å bygge bueiningar for utleige, men utan at dette har gjeve resultat.

Med denne løyvinga tek rådmannen sikte på å sjå nærare på behovet for å auke talet på tilgjengelege bueiningar i kommunen og seinast innan budsjettprosessen hausten 2017 ha konkrete forslag/ planar for ferdig stilling i 2018/19.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 5

### Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift

#### Funksjon 254

Reduserte refusjonar	337 000 kr
Reduserte salsinntekter	82 000 kr

#### Funksjon 265

Utgreiing/ prosjektering av bueiningar til utleige	100 000 kr
--	------------

### Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen

Utsifting av sirkulasjonsrør, vassfilter/rensetank Vangsheimen.

Garasje/carport bilar heimetenesta	
Bygging av nye bueiningar frå 2018/19	12 000 000 kr

## Total

Funksjonsområdet endar med ei budsjettauke på 4 millionar kroner der ordinær lønsauke står for 2,2 millionar og endring av kor ein fører IKT kostnader fører til ei auke på 1,25 millionar kroner. Ein forventar også ei nedgang i inntekta og refusjonar på 276 tusen kroner.

## Funksjonsområde 6: ARBEIDSRETTA TILTAK OG ØKONOMISK HJELP

### Funksjon 273: ARBEIDSRETTA TILTAK

Sysselsettingstiltak for arbeidsledige og for yrkes-/utviklingshemma, praksisplassar og tilskot til bedrifter – herunder VTA.

#### Mål og viktige planar

- Gje eit tilrettelagt arbeids- og aktivitetstilbod til personar med endra funksjonsnivå.
- Oppfølging av statusrapporten for Lund Arbeidsbase med fokus på gode aktivitetar og fornuftig, bærekraftig produksjon innan dei aktuelle områda.

Lund arbeidsbase har fire VTA-plassar.

### Funksjon 275: INTRODUKSJONSORDNINGA

Flyktingetenesta med introduksjonsordninga og busetjing av flyktingar (utanom norsk-opplæring): Integreringstiltak, tilrettelegging og inntekter/utgifter knytt til introduksjonslova.

Introduksjonsprogrammet kan vare inntil to år (introduksjonsperioden), med høve for eitt ekstra år. Flyktingetenesta har også medansvar for busette flyktingar i samarbeid med NAV og andre kommunale tenester i fem år (ansvarsperioden).

Utgifter og inntekter knytt til flyktingetenesta blir også ført på funksjon 265 bustader.

Flyktingetenesta har tilhald ved Introduksjonssenteret på Lund og er organisatorisk lagt til skule- og kulturetaten.

#### Mål og viktige planar

- Kvalifisere flyktingar til aktiv deltaking i yrkes- og samfunnsliv i løpet av introduksjons- og ansvarsperioden i samarbeid med NAV.
- Bidra til busetjing i tråd med politiske vedtak.
- Økonomisk sjølvstende hjå deltakarane etter fullført introduksjonsprogram.

I arbeidet med å legge til rette for at busette flyktingar som er ferdig med introduksjonsprogrammet skal bli i Vang, få jobb og eit sosialt nettverk er det viktig å vidareføre dei gode erfaringane me i Vang kommune har gjort med prosjektet *integrerende arbeidsliv*. Viktige samarbeidspartar i fortsettinga med dette arbeidet er:

- NAV
- Frivilligsentralen
- Introduksjonssenteret/flyktingetenesta
- Innovangsjon

God tilrettelegging for flyktingar krev godt samarbeid. I Vang har me gode erfaringar med å samarbeide gjennom det lokalt oppretta **integrasjonsforumet** som er samansett av leiar for frivilligsentralen, biblioteksjefen, helsesøster, leiar av introduksjonssenteret, skule- og

kultursjefen, repr. frå grunnskulen, frå barnehagane, frå Vang mottakssenter og frå Vang næringsforum. Avhengig av tema blir også andre aktuelle samarbeidspartar invitert til møte i forumet.

## **Funksjon 276: KVALIFISERINGSORDNINGA**

Kvalifiseringsprogram og kvalifiseringsstønad med heimel i sosialtenestelova: Sjølv kvalifiseringsstønaden, og organisering, tilrettelegging, utbetaling, og tiltaks- og oppfølgingskostnader.

Kvalifiseringsprogrammet gjeld for personar i yrkesaktiv alder med vesentleg nedsett arbeids- og inntektsevne og ingen eller svært avgrensa ytingar til livsopphald. Programmet høyrer til NAV Valdres sitt ansvarsområde.

## **Funksjon 281: ØKONOMISK SOSIALHJELP**

Utgifter med heimel i sosialtenestelova §§ 18 og 19.  
Personell på sosialkontor førast under funksjon 242.

Prinsippet om hjelp til sjølvhjelp vil seia at hjelpa til den einskilde søkjar skal gjevast mål om styrkje vedkommande sine ressursar for å styre sitt eige liv.

Før sosialhjelp blir vurdert skal det undersøkjast om det er mogeleg å skaffe søkjaren arbeid, eller om det finst andre rettar som kan gjerast gjeldande.

Flyktingar som treng sosialhjelp skal vurderast av NAV etter dei reglar som der gjeld.

Det blir truleg innført plikt om aktivitet for sosialhjelpsmottakarar mellom 18 og 30 år frå 1.1.2017. Verksemdsleiaren i NAV har fremja ynskje om å auke bemanninga med eitt årsverk for å ivareta og administrere denne plikta. Ein reknar med at innføring av aktivitetsplikt vil medføre reduserte utbetalningar av økonomisk sosialhjelp på sikt, men at effekten vil vera beskjeden i 2017. Aktivitetsplikta inneber plikt for den einskilde kommune (utanom NAV) å tilby eigna aktivitetar. Bemanningsauke på 1 årsverk er ikkje lagt inn i budsjettforslaget

Det er budsjettert med 1,2 mill. kr for tiltak innan NAV (bidrag og sosiale utlån).

## **Funksjon 283: HJELP TIL EIGEN BUSTAD**

Bustadformidling og Husbanken sine verkemiddel (etableringslån, formidlingslån, bustøtte, tilskot til utbetring av bustad) mv.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 6

### Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift

#### Funksjon 273

Reduserte refusjonar 233 000 kr

#### Funksjon 275

Reduserte refusjonar 216 000 kr

Reduserte lønsutgifter -168 000 kr

IKT kostnader - ikkje ført her før 44 000 kr

#### Funksjon 281

Auka sosialhjelp 400 000 kr

### Total

Totalt aukar budsjettet til området med 844 tusen kroner, ei auking på 20,6%. Halvparten av dette kjem frå forventa auka sosialhjelp på 400 tusen kroner. Resten er knytt til mindre forventa refusjonar.

## **Funksjonsområde 7: ANDRE TENESTER**

### **Funksjon 285:**

#### **TENESTER UTANFOR ORDINÆRT KOMMUNALT ANSVARSOMRÅDE**

##### **Kommunale tilskot til private vegar**

78 000 kr årleg finansiert av næringsfond til drift.

##### **Karrieresenter i Valdresregionen**

Senteret skal gje tilbod om karriererettleiing, og arbeide for betre gjennomføring av vidaregåande opplæring. Målgruppa omfattar vaksne i og utanfor arbeid, dei som skiftar arbeid og dei med behov for vidareutdanning. Karrieresenteret ynskjer også å vera ein ressurs for utdannings- og yrkesrådgjevarar. Andre i målgruppa er t.d. studentar med behov for karriererettleiing og føretak i omstilling med behov for kompetanseutvikling. Karrieresenteret har eit årleg budsjett på 700 000 kr, der Oppland fylkeskommune dekkjer 2/3. 1/3 er fordelt mellom kommunane etter folketal, der Vang sin del utgjer 21 000 kr.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 7**

### **Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift**

Det er ingen vesentlig endringar frå 2016 til 2017

# Funksjonsområde 8: FYSISK PLANLEGGING, BUSTADBYGGING, NÆRING

## Funksjon 301: PLANSAKSBEHANDLING

Utarbeiding, behandling, kontroll og konsekvensutgreiingar av planar etter plan- og bygningslova.

### Mål og viktige planar

Planstrategi 2016-2019 (Sak KS 34/16) legg føringar for planprioriteringa og –behandlinga. Planstrategien legg til grunn at det er viktig å arbeide mot målsettingane i kommuneplanen. Folkehelse, klima, energi og miljø, universell utforming og samfunnssikring er målsettingar frå samfunnsdelen som skal gjennomsyre alle dei kommunale planane.

Planstrategien peiker på fire fokuspunkt for dei neste åra: Næringsutvikling, bustadsituasjonen i kommunen, sentrumsutvikling og vassmiljø, energi og klima.

- Nye planar/dokument:
  - Revidere kommunedelplan for Tyinkrysset. Denne er sett på vent for å koma fram til ei reinvesteringsavtale.
  - Utgard industriområde
  - Behandle/utarbeide reguleringsplan for:
    - Øyebakkin
    - Vang sentrum
    - Vassverk og reinseanlegg på Tyinkrysset
  - Arbeide med planar og dispensasjonar langs E16 med tilhøyrande miljø- og trafikksikringstiltak.
  - Starte på grunnarbeidet for å få utarbeidd ei kommunedelplan for energi og klima.
- Saksbehandling:
  - Ajourhalde forvaltningsbase for plan.
  - Rydde i kommunens eige planarkiv.
  - Halde pålagde fristar for behandling av private reguleringsplanar.
  - Føre digitalt planarkiv med koordinatfesting av alle arealendringar og dispensasjonar. Dette krev tett koordinering mellom saksbehandlar for plan, bygg og oppmåling.
  - Følgje opp trafikktryggleiksplanen.

Gjennom intern *tverrfagleg bearbeiding* av planane – på eit tidleg tidspunkt– vil kommunen kunne styre prosessane og verdien og resultatet av planane på ein betre måte. Det vera seg ved teknisk kontroll, innhaldet i føresegnar m.v. Endringar etter fyrste høyring og offentleg ettersyn er kommunen sitt ansvar, og gjer ein ikkje tilbakemeldingar til tiltakshavar (ved framlegg av private planar) før dette, medfører det meirarbeid for kommunen.

I Raudalen er ein del av utbyggingsområde i kommunedelplanen kome innafor det som i aktsemdskarta er karakterisert som rasområde. Det er derfor ynskjeleg å få undersøkt nærare rasfaren samla for desse områda. Kr 400 000 er sett opp som investering.

## **Funksjon 302: BYGGJESAKSBEHANDLING OG SEKSJONERING**

- Saksbehandling etter plan- og bygningslova (byggjesaksbehandling): Byggesøknadar, tilsyn i byggesaker, dispensasjonssøknadar, oppretting eller endring av eigedom (delingsløyve), ekspropriasjon og klagebehandling mv.
- Saksbehandling etter lov om eigarseksjonar.
- Saksbehandling av utsleppsløyver etter forureiningslova.
- Førjing av opplysningar i matrikkelen i tilknytning til byggjesaksbehandling og eigarseksjonering.

### **Mål og viktige planar**

- Halde pålagde fristar for saksbehandlingstida i byggje- og delesaker.
- Fylgje opp lokale entreprenørar for krav til dokumentasjon i byggjesøknader mv.
- Føre tilsyn med og følgje opp ulovlege tiltak, i tråd med pbl §§ 25-1 og 25-2. Utarbeide tilsynsstrategi og tilsynsrapport, jfr. byggesakforskrifta §§ 15-1 og 15-2.
- Byggjeaktiviteten er framleis ganske høg, med saksmengd om lag som dei siste åra. I 2015 var det stor oppgang att i bygging av nye hytter. Det er tilsett ein ny mann i den ledige stillingsheimelen med arbeidsoppgåver innanfor plan- og byggesak. Det er stort arbeidspress, lang behandlingstid og mange uløyste arbeidsoppgåver innanfor både arealplan og byggesak. Det vil no også kunne prioriterast arbeidsoppgåver innanfor tilsyn og oppfølging av ulovleg byggetiltak.
- Etablere rutinar som sikrar at nødvendige dokument for vatn/vegrettar, ev. samanføyning, uråderettar, rydding på teigar med fleire bruksnummer o.a. er avklara før delevedtak. Vilkår etter plan- og bygningslova og matrikkellova må koordinerast i delevedtaket.
- Fylgje opp avtalefesta ajourføringsrutinar for bygg i bygningsbasen og tiltak/matrikkel i tiltaksbasen. Oppdatering av kart/matrikkel søkjast integrert med byggjesaksbehandlinga. Krav til registrering av godkjent kotehøgde på prosjektert grunnmur (topp) skjerpar krav til mottakskontroll av situasjonsplanar/profil.

Seksjonering er brukt på større leilegheitsbygg, ordinære hyttetomter (særleg Gudbrandslie) og for dei gamle hotell/turistverksemdene. Ved påbygg eller nybygg av seksjonerte einingar er det til vanleg krav om re-seksjonering. Det er lågt medvit blant eigarar og eigedomsutviklarar om at seksjonering inneber ”evig” sameige – ikkje tomtedeling til eieeige. Det er mykje arbeid med seksjoneringar i høve til gebyr fastsett i lov, særleg knytt til manglar ved søknadene.

## **Funksjon 303: KART OG OPPMÅLING**

- Drift, ajourføring og supplering av grunnkart og temabasar.
- Førjing av matrikkelen (nye tomter og endringar/rettingar i eksisterande eigedomsgrenser).
- Oppmålingsforretningar etter matrikkellova.
- Adresseforvaltning og anna saksbehandling etter matrikkellova.

### **Mål og viktige planar**

- Gjennomføre matrikulering innafor tidsfristen på 16 veker frå gyldig delevedtak etter plan- og bygningslova (med tillegg etter vinterforskrifta eller ynskje frå søkjar).
- Sak/arkiv skal spegle milepelar og dokumentasjonskrav (inkludert GPS-filer/berekningar) som fylgjer av matrikkellova. Følgje opp felles geodataoppgåver i samarbeid med Statens

kartverk og dei andre kommunane i Valdres, m.a. nykartlegging, rutinebygging og opplæringstiltak.

- Følgje opp avtalefesta ajourføring for kartbasane eigedom og veg, og bidra til gode rutinar også for dei andre karttema Vang har originalansvar for (bygg, tiltak, AR5, planomriss).
- Bidra til at felles kartløyving for Valdres (VGIS) blir vidareutvikla, drifta og nytta optimalt. Felles GIS-konsulent for Valdres har kontorstad Vang. Etatsleiarane på sektoren er styringsgruppe, med Vang som leiar.
- Gode rutinar for namngjeving av nye vegar koordinert med høyring av nye arealplanar. Gode rutinar for adressetildeling koordinert med nye byggjeløyve, seksjonering o.a. Følgje opp undersøkingsplikt knytt til rettar, hefte, vilkår/uråde ved søknad om frådelling. Dette krev god mottakskontroll av delesøknader og koordinert saksbehandling etter plan- og bygningslova og matrikkellova, både i einskildsaker og ved nye reguleringsplaner. Krav om avløyving av rettar o.a. kan inngå som vilkår/rekkjefølgjekrav ved nye arealplanar.

I samsvar med felles geodataplan for Hedmark/Oppland er det sett av 75 000 kr i 2017 til kartleggingsprosjekt (geovekstprosjekt). Ajourføringsbehovet er kontinuerleg.

I samsvar med gjeldande plan for interkommunalt GIS-samarbeid i Valdres er det ført opp 220 000 kr for 2017 som Vang sin del av VGIS. Lisensar og programvare blir eigd og drifta felles, med felles styringsgruppe og faggrupper, teknisk drifta frå IKT Valdres.

Bilen som oppmålingsavdelinga (og mange elles) nyttar (2003 mod.) treng utskifting. Utskifting er ført opp i 2018. Dersom det brått skulle oppstå behov for store påkostningar, så må ein vera viljug til å framskande kjøpet.

## **Funksjon 315: BUSTADBYGGING OG BUMILJØ**

Utbyggingsområde, kostnader til bustadføre mål og fysiske bumiljøtiltak, investeringar.

### **Mål og viktige planar**

- Ledige, attraktive bustadtomter i alle kommunedelane.

Det er nesten ikkje att ledige, attraktive tomter i Tyinkryset, Hensåsen og i Ryfoss.

I kommuneplanen er det klarert eit nytt område til bustadfelt på Hensåsen. Her er det kome søknad om utsleppsløyve via enkeltanlegg med infiltrasjon i grunnen. Tilknytning til det kommunale nettet viste seg å bli for kostbar.

Det vart sett i gang detaljregulering av nytt felt på Tyinkryset, men arbeidet er stoppa opp i påvente av kommunedelplan. Det er særlege utfordringar knytt til å leggje til rette for bustadtomter på Tyinkryset sidan omgjerding til formål hytte/fritidsbudstad raskt kjem opp ved omsetning.

I Ryfoss er det godkjent reguleringsplan for utviding av bustadfeltet. Her må det utarbeidast ein rammeplan for vatn og avlaup.

## **Funksjon 320: KOMMUNAL NÆRINGSVERKSEMD**

Kommuneskogen har fire teigar på samla 900 daa. Skogen har eigen driftsplan. Hogst prøver ein å samkøyre med hogst i andre teigar. Lite økonomisk omfang, og det budsjetterast ikkje for denne aktiviteten som i all hovudsak gjev eit lite overskot kvart år.

Vang Energiverk KF har eige budsjett og rekneskap.

## **Funksjon 321: KONSESJONSKRAFT, KRAFTRETTAR OG ANNA KRAFT FOR VIDARESAL**

Konsesjonskraftinntekter, inntekter frå avtalekraft og heimfallsinntekter.

Kontingent til Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK)

### **Mål og viktige planar**

- I samarbeid med Vang Energiverk KF og JotunKraft AS arbeide for:
  - størst mogleg gevinst på sal av kommunen sine kraftressursar
  - aktiv bruk av kraftressursane med tanke på tilrettelegging for næringsutvikling.

Det er ført opp 2 mill. kr i fallerstatningar frå Oppland Energiverk. Desse overslaga er usikre: Delar av inntektene er avhengig av m.a. marknadsutviklinga for elkraft, skatteregime og faktisk produksjon i kraftverka Ylja og Kalvedalen.

Gevinsten på konsesjonskraft er budsjettert med 3,7 mill. kr i 2017.

Det låge inntektsnivået skuldast at prisen på elektrisk kraft over år har gått ned, og at prisen ikkje vil gå snarleg eller mykje opp.

Gevinsten kan bli endra som følge av prisutviklinga, endring i skattereglar for kraftverka, prisen ved faktisk overtaking av fysisk kvantum, og/eller endringar i sjølvkosten (prisen kommunen betalar for krafta) eller forbruk i kommunen som avgjer omfang på uttaket.

Kostnader med gratiskraft, fastpris og fallerstatningar til grunneigarar blir dekt i Vang Energi- verk KF/Jotun Kraft AS sine rekneskap.

Prisen på straum vil naturleg også påverke grunnlaget for eigaruttak. Med utsikter til moderat straumpris, blir sjølvsgt også tilhøva for eigaruttak avgrensa. I tråd med tidlegare føresetnad er eigaruttaket halde på 4 mill. kr årleg frå 2017. Renter av ansvarleg lån i Vang Energiverk KF inngår i funksjon 870 med 700 000 kr. Det er planlagd eit ekstraordinært utbytte på 2,2 millionar kroner i 2018 og 200 tusen kroner i 2019 i tillegg til ordinært utytte, for å dekkja inn forventa driftsunderskot.

Kommunen tek ut disponibel kraft (i tillegg til konsesjonskraft) til eigne bygg til sjølvkost.

## **Funksjon 325: NÆRINGSUTVIKLING**

Utbyggingsområde og utleigelokale for næringsverksemd, næringsstøtte, konsesjonsavgifter, næringsfond, råd/retteleing og servicetenester for næringslivet mv. Tilskot til Innovangsjon.

### **Mål og viktige planar**

- Stimulere til at næringslivet framleis organiserer seg sjølv og tek ansvar for felles oppgåver (t.d. Vang – Tyin og Filefjell Reiseliv og Vang næringsforum).

- Betre utnytting av utmarksressursane i kommunen. Samarbeid mellom reiselivsnæring og grunneigarar.
- Satse på indirekte næringsutvikling ved
  - samordning av kommunen sine tenester i høve til næringslivet sine behov (saksbehandling, praktisering av lover og reglar, prising av tenester mv).
  - gode rammevilkår for folk sin bu- og kvardagssituasjon/folkehelseperspektivet (barnehage- og skuletilbod, tomt/bustad, fritid mv).
- Størst mogleg grad av måloppnåing i forhold til kommuneplanen innan området næringsutvikling og sysselsetting.
- Utfordre og trekkje med aktuelle aktørar i arbeidet med næringsutvikling, m.a. hytteeigarar og Innovangsjon.

### **Budsjettmerknader**

Lønnskostnader mv. til arbeid med næringsutvikling tilsvarande 1/1 stilling er ikkje lenger knytt til nokon fast tilsett næringsmedarbeidar. Dette fører til auka bruk av Valdres Næringshage og samarbeid med Innovangsjon for rådgjeving og oppfølging i nærings saker.

Midlar til næringsutvikling/tiltaksarbeid: 2,83 mill. kr frå 2017:

- 1 300 000 kr Tilskot til Innovangsjon SA (som varsla; same sum som i 2016).
- 290 000 kr Tilskot til Vang, Tyn og Filefjell Reiseliv/Visit Valdres.(uendra)
- 60 000 kr Tilskot til omvising i kyrkjene. Etter eigarskapsfordelinga bidreg Vang om lag som dei andre destinasjonsselskapa i Valdres.(uendra)
- 185 000 kr Tilskot til løypekøyting (uendra)
- 955 000 kr Tilskot etter «Retningsliner for tilskot til næringsutvikling.»
- 45 000 kr Prosjektet «Bosette og utvikle ledige gårdsbruk i Vang og Vestre Slidre»

### ***Direkte næringsutvikling***

- Økonomiske tilskot (inntil 955 tusen)
- Rettleiing/rådgjeving og kontaktformidling ved bedriftsutvikling og etablering
- Stimulere til samarbeid og idéskapning.
- Tilbod om nettverksbygging og kompetansebygging i næringslivet.

### ***Indirekte næringsutvikling***

- Samordning og tilrettelegging for næringslivet gjennom all verksemd i kommunen.
- Utbygging av infrastruktur.

### ***Intern service***

Arbeide aktivt internt i kommunen for å betre servicen overfor næringsliv og innbyggjarar der dette er mogeleg/ynskjeleg og i tråd med kommuneplanen.

### ***Informasjon og marknadsføring***

- Kommunen si heimeside
- Bruk og distribusjon av kommunen sitt informasjonsmateriell, som på ein positiv måte informerer om kommunen sine kvalitetar mv.

- Saman med Innovangsjon, Visit Valdres og Vang, Tyn og Filefjell Reiseliv (og gjerne fleire samarbeidspartnarar) marknadsføre kommunen ved deltaking på messer, næringsseminar mv.

### ***Innovangsjon SA***

Kommunestyret vedtok å tilføre ressursar til Innovangsjon for 2012 og 2013, i staden for midlar til tilskotsordninga til næringsutvikling (KS-108/11). Etter ny søknad og vedtak i sak FS-42/2013 og sak KS-73/2013 vart ordninga i all hovudsak vidareført, men Innovangsjon vart beden om å ha sterkare fokus på landbruket, og at dei skal vere budde på oppfølging ved at kommunen ikkje lenger har særskilt tilsett næringsmedarbeidar.

Innovangsjon får lønstilskot til ein andel av to fulltidsstillingar frå Vang kommune. I brev av 21.10.2015 søkjer Innovangsjon om å få auka lønsbidraget frå 1,2 mill. i år til 1,275 mill. i 2016 og vidare til 1,325 mill. frå 2017. Rådmannen har i sitt budsjettframlegg frå 2016 lagt inn 1,3 mill. og føreset då ikkje vidare opptrapping.

### **Prosjektet «Bosette og utvikle ledige gårdsbruk i Vang og Vestre Slidre»**

Innovangsjon SA har etter søknad fått inntil 450 000 kr i BU støtte for perioden 2017-19 til å drive dette prosjektet. Dei to kommunane blir i søknad oppfordra om å bidra med tilsaman 300 000 kr i perioden. (Søknaden med alle vedlegg er referatsak i budsjettmøtet.)

Målsettinga med prosjektet er å auke busettinga på gardsbruk som i dag ikkje har slik busetting. (Anslag iflg. SSB; Gardsbruk med bustadhus utan busetting 53 i V. Slidre og 37 i Vang.) Dette vil ein prøve å få til gjennom utleige, forpaking eller sal. Det vil også bli vurdert ei mentorordning.

Organisering:

Innovangsjon SA vil bidra med prosjektleiing.

Det blir sett ned ei arbeidsgruppe med representantar for faglaga, politisk og administrativ side i dei to kommunane.

#### Kommentar frå rådmannen:

Så langt det er muleg utan å gå ut over vilkåra i tildelinga av BU- midlar, bør prosjektet vurdere om praksis i dei to kommunane knytt praktisering av regelverk i konsesjons- og frådelingssaker er tenleg. Dersom konklusjonen skulle bli at så ikkje er tilfelle, bør prosjektet drøfte alternativ til betring av praksis.

### **Hovudmål for Innovangsjon SA:**

1. **1724 i 2020:** Vang skal i innan 2020 ha like mange innbyggjarar som høgda på Grindad`n. Dette inneber ein auke på 127 personar frå 1.1.2013.
2. **10 nye arbeidsplassar kvart år:** Kvart år skal 10 nye arbeidsplassar etablerast i Vang.
3. **Levande møteplassar for bedrifter og privatpersonar:**  
Gode møteplassar er viktig for trivsel, samhald og utvikling. Innovangsjon skal jobbe for at bedrifter og einskildpersonar har gode og engasjerande arenaer å møtast på.

**Kontorfellesskapet 1724 SA** leiger kontorlokale i Vangstunet på ca. 250 m<sup>2</sup> med husleige etter inngått avtale.

## **Næringsfondet**

Kommunen har næringsfond med samla hovudstol på **91,272** mill. kr, som følgje av statlege vedtak om tilståing av næringsfond i samanheng med vasskraftutbygging og seinare kommunestyrevedtak.

Staten garanterer ikkje for bankinnskott over 2 mill. kr. For å spreie risikoen har næringsfondet vore delt på innskott i fleire ulike bankar. Næringsfondet har likevel minka sterkt som følgje av satsing på viktig kommunal infrastruktur. Resterande midlar står no att i Vang Sparebank .

Kommunen mottok ca. 21 mill. kr i årlege konsesjonsavgifter. Saman med renteinntekter/avkasting skal desse midlane avsetjast og brukast etter standardvedtekter for kommunale næringsfond. Som følgje av lågt rentenivå og låg beholdning er det ikkje budsjettert med tilbakeføring av renteinntekter til næringsfondet. Konsesjonavgifta vil ha si neste 5 årige indeksjustering i 2019, det er anslått at nytt beløp endar på rundt 23 millionar kroner.

Det er lagt opp til å bruke 21 mill. kr av næringsfondet til tiltak som skal førast i driftsrekneskapen, ei auke på 7,192 mill. Auken kjem i all hovudska i forbindelse med omstillingsprosessen Vang kommune går igjennom for å slippe å gjøre drastiske kutt over svært kort tid.

I samsvar med dei nye Næringsfondsvedtekta vil hovdestolen til kraftfondet på kroner 25,885 mill. stå urørlig. Denne vil virke som kommunens likviditetsreserve for året.

## **Funksjon 329: LANDBRUK**

- Saksbehandling og rettleiing etter jordlova, skogbrukslova, konsesjonslova, odelslova, forpaktingslova og andre landbruksrelaterte lover.
- Forvaltning og kontroll av økonomiske verkemiddel i landbruket.
- Landbruk og jordvern i saker etter plan- og bygningslova.
- Saksbehandling og rettleiing knytt til miljø- og klimaarbeid i landbruket.
- Næringsutvikling knytt til investeringar i tradisjonelt landbruk og andre bygdenæringar. Søknader om BU-midlar.
- Plan- utviklings- og tilretteleggingsarbeid for landbruk og landbruksbasert næringsverksemd, herunder jord- og skogbruk, økologisk landbruk og andre bygdenæringar.
- Veterinærvakt.

### **Mål og viktige planar**

- Betre utnytting av utmarksressursane. Samarbeid mellom reiseliv og grunneigarar.
- Halde oppe og vidareutvikle jord-, skog- og utmarksnæringar med aktuelle tilleggsnæringar.

Her inngår landbrukskontoret, tilskott til landbruksføremål, tilskott til Valdres Landbruksrådgiving og Tomleøygarden pelsdyrareal. Totalt 769 tusen kroner i 2017.

Ein medarbeidar på landbrukskontoret har permisjon i 20 pst. stilling inntil vidare. Denne delen blir ståande ubesett.

Tomleøygården (pelsdyrfarm) har grunnlag for tre driftseiningar, men berre ein av dei er i bruk. Ut frå økonomiske og politiske signal bør ein drøfta alternativ bruk av dette næringsarealet.

Sumaren 2016 utførte NIBIO vegetasjonskartlegging i Øvre Dalen og Øye Vestfjell. Dette i samband med utarbeiding av beitebruksplan som er eit samarbeid med beitelaga og faglaga. Beitebruksplan skal synleggjera verdien, dokumentere bruken, og skape forståing for beite- næringa. Planen skal vera ein del av landbruksplan og kommunedelplan med arealdel. For beitenæringa kan planen bidra til framtidiretta og rasjonell beitebruk. Dette er spesielt viktig i høve til utbygging av hytteområde, rovviltforvaltning og endringar i husdyrhaldet.

For 2015 vart det gjeve tilsagn på kr 200 000 for vegetasjonskartlegging som vart utført i sumar. I kontrakta skal ¾ av kostnaden fakturerast 1. desember 2016 (kr 150 000) og resten 1. april 2017 (kr 50 000) når rapporten er ferdig.

Mai 2016 var det halde kurs for fellingslag for rovvilt i Valdres. Dette var eit positivt og engasjerande kurs. Kommunen fekk og eit tilskott frå Fylkesmannen i Oppland til kurset. Ein ser at behovet for skolering og trening av fellingslag er viktig. Fellingslaget er kommunalt, og vil ha behov for trening og skolering, samt deltaking på møter/kurs framover. I 2015 vart det lag inn ein post på kr 15 000 som i 2016 vart trekt ut. Ein ser det er nødvendig å ha desse kr 15 000 tilbake i budsjettet.

Satsane for utarbeiding av gjødslingsplanar vert uendra.

Behandlingsgebyr for delingssaker som vert behandla berre etter jordlova er fastsett av staten (inntil 2 000 kr). For saker som vert behandla både etter jordlova og plan- og bygningslova er det dei kommunale satsane som skal nyttast.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 8**

### **Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift**

#### **Funksjon 320 og 321**

Forklaringar

Eigaruttak Vang Energiverk KF og Eidsiva 4, 2 mill. kr årleg

Eigarutak Vang

Konsesjonskraftgevinst 2017 3,7 mill. kr

Fallerstatningar OE 2 mill. kr årleg

#### **Funksjon 325**

Auka bruk av næringsfond til drift -7 192 000 kr

Omstillingsprosjekt

#### **Vidareførte tiltak**

*Geovekstprosjekt 75 000 kr for 2017*

Næringslivtilskot for å fremja næringsliv og inflytting 955 000 kr

*Innovangsjon vil vere saksbehandlar og Formannskapet avgjer tildeling*

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Rasundersøking i Raudalen 400 000 kr

*Det er eit begrensa behov for dette då over 80% av*

*av ledig areal ligg utanom området der ein treng rasundersøking.*

Utskifting av bil til oppmålingsavdelinga 350 000 kr i 2018

Kjøp av grunn til bustadforemål/spreidd bustadbygging 1 mill. kr i 2018

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen**

KPI justering av konsesjonsavgifta i 2019 anslått til -2 200 000 kroner.

### **Total**

Funksjonsområde 8 aukar handlingsrommet med 4 131 000 kroner hovudsaklig gjennom auka uttak frå næringsfond til drift. Totalt bidreg området med 22 661 000 kroner til anna drift.

Kommunen har mista store inntekter og treng tid til å omstille seg, det er difor ein har auka bruken av næringsfond til drift med i overkant av 7,1 millionar kroner til totalt 21 millionar. Dette betyr at kommunen bruker alle frie midlar til å støtte noverande drift slik at ein har tid til å sjå på løysingar for 2018 og framover. Midlane blir brukt som eit omstillingsprosjekt.

## Funksjonsområde 9: SAMFERDSLE

### Funksjon 332: KOMMUNALE VEGAR

Drift, vedlikehald, påkostnader og nyanlegg av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, veg- og gatelys, og andre tiltak for miljø og tryggleik for mjuke trafikantar.

#### Mål og viktige planar

- Planmessig opprusting av kommunale vegar.
- Godkjent trafikktryggleiksplan skal følgjast opp.

Det blir arbeidd med å finne løysing for gang-/turveg frå Ryfoss opp gangvegen mot Høre, inn Vesleåndalen og ut att på Kvismoen.

Vegen Heen – Remmisåsen (Vennisvegen) treng opprusting. Pris for masseutskifting og asfaltering er berekna til kr 1,5 mill.

I Tyinkrysset vil kommunen måtte drifte den nye lokalvegen frå kjøpesenteret og opp i bustadfeltet ved Høgeseth. Denne vil gje ein auke i dei årlege driftsutgiftene på 30 000 kr.

### Funksjon 335: REKREASJON I TETTSTAD

- Offentlege plassar/torg og toalett
- Grøntanlegg og turvegar i utbygde område

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 9

#### Tiltak som er med i økonomiplanen – drift

Årleg auka driftsutgifter i Tyinkrysset 30 000 kr.

#### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Opprusting vegen Heen – Remmisåsen kr 1,5 mill

#### Total

Ingen store endringar, budsjettet aukar med 32 tusen kroner.

# Funksjonsområde 10: BRANNVERN

## Funksjon 338: FØREBYGGING AV BRANN/ULYKKER

Feiarvesen og andre tiltak som skal førebyggje brann og andre ulykker.

### Mål og viktige planar

- Føre vidare ordninga med at feiaren gratis skiftar batteri i røykvarslarane og kontrollerer sløkkjeutstyr.

Feiaren har tilsyn med piper og eldstader. Planen er å gå tilsyn på ca. ¼ av anlegga årleg, slik at ein i løpet av 4 år har gjennomført tilsynet. Seinare blir det å fortsette i same syklus.

Det er og gjort ei endring ved at termograferingsprosjektet som Valdres kommunane samarbeider med er lagt inn i kjøp av vare og tenester i stalle for å føre dette inn som forsikringskostnader som er gjort før. Totalt kr 30 000.

## Funksjon 339: BEREDSKAP MOT BRANN/ULYKKER

Brannvesen og anna beredskap mot brann- og eksplosjonsulykker.

### Mål og viktige planar

- Oppfylle krava i den vedtekne brannordninga.

Etter kvart blir det nye tunellar i Tyinkrysset, Øye og ved sørre Kvam. I staden for å setje av plass til ny brannstasjon ved nytt reinseanlegg ved Tyinkrysset er det meir aktuelt å bygge ut brannstasjonen i Vang sentrum for å få plass til ny tankbil her. Statens vegvesen har gjeve tilsagn om tilskot til innkjøp av tankbil og nødvendig utstyr. Tankbil er kjøpt inn i 2016 og brannstasjonen vil bli utvida i 2017. Nødvendig tilleggsareal for utviding er godkjent.

Det har elles vore utgreidd felles brann-, rednings- og feiarvesen for Valdres. Denne vil koma til behandling i kommunane i løpet av 2016. Dette vil føre til ei auke i driftsutgiftene for Vang frå 2017. Det er lagt inn kr 350 000 i ramma for auka driftsutgifter 2. halvår 2017.

Likeeins er det avsett kr 130 000 som kommunen sin del av 1 mill. for å få ordninga opp å gå.

Det er også lagt inn ei mindre auke til 110 sentralen. Her vil det kunne bli ei større auke når sentralen blir flytt frå Elverum til Hamar.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 10

### Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift

#### Funksjon 338

Termografering er no ei eige post i rekneskapet 30 000 kr

#### Funksjon 339

Auka driftsutgifter for felles brannvesen (2. halvår) 350 000 kr

### Tiltak som er med i økonomiplanen – investering

Utviding av brannstasjon i Vang + brannbil 400 000 kr i 2016 og

3 100 000 kr i 2017.

Oppstart av felles brann-, rednings- og feiarvesen i 2017

130 000 kr

### **Total**

Funksjonsområdet aukar budsjettet med 535 tusen kroner, hovudsaklig grunna nytt samarbeid med felles brannvesen som kjem på 350 tusen kroner.

# Funksjonsområde 11: VATN, AVLØP OG RENOVASJON

## Funksjon 340: PRODUKSJON AV VATN

Vassinntak, filtrering/reinsing og vassprøver.

### Tyinkrysset

Rammeplan VA for Tyinkrysset er sist revidert i 2012. Planen var laga med bakgrunn i masterplan og viser korleis dei tekniske utfordringane kan etterkomast. Det er viktig at spørsmål om meir vasskapasitet i Tyinkrysset blir retta mot gjennomføring av rammeplan for å oppnå ein kostnadseffektiv kapasitetsauke og tilrettelegging for gjennomføring av masterplan. Nytt vassverk (etappe 2a) vil gje høve til 75 nye tilkoplingar i øvre trykksone og full dekning for masterplan i nedre trykksone. Høgdebasseng ved Grøvsstølen (etappe 2b) vil sikre kontinuerleg vassforsyning i nedre trykksone ved straumbrot. Denne etappen er naudsynt for vassforsyning til Synhaug. Etappe 2c vil gje alle abonnentar vatn frå nytt vassverk med tilstrekkeleg kapasitet til alle utbyggingsområde i masterplanen. Prisar frå 2012 eks. mva: Etappe 2a) 16 mill. kr. Etappe 2b) 10 mill. kr. Etappe 2c) 2 mill. kr. Kommunestyret har bede om utgreiing av alternativ løysing for kapasitetsauke i Børrelie vassverk, jf. KS-056/14. Vedtaket frå saka:

*«Vang kommune planlegg vidare utbygging av vasskapasiteten saman med utarbeiding av kommunedelplan for området. Her må det mellom anna takast inn rekkefylgjebestemmelsar jfr. sak KS-025/13 og KS-043/13.»*

Med tillegg:

*«Børrelie vassverk ferdigstilles i 2015 med ein kostnadsramme på 1.6 mill.kr.»*

Arbeid med ferdigstillingen av Børrelie vassverk er eitt resultat av tidlegare utvidingar av råvannskapasiteten opparbeida av Jotunheimen Eiendom AS. Vang kommune og Jotunheimen Eiendom AS skal dele kostnaden henholdsvis 20% Vang kommune og 80% Jotunheimen Eiendom AS. Kostnaden for ferdigstilling er stipulert til 1.6 mill. Arbeidet vert satt på vent for å eventuelt bruke midlane til å bygge nye Tyinkrysset vassverk.

Vasskapasiteten til Tyinkrysset vassverk er sprengt. Prosjekteringa av det nye vassverket er i gang, men for å etterkoma søknader om ytterlegare tilkoplingar er det viktig at det blir sett av midlar til nytt vassverk straks refinansieringsavtala for Tyinkrysset er på plass.

Tilkoplingsavgift frå området Tyinkrysset/Filefjell bidreg med cirka 1 million kroner til driftsbudsjettet for vann og avløp kvart år, desse midlane fell nå bort så lenge vasskapasiteten ikkje vert utbetra.

### Ryfoss

Utviding av bustadfelt i Ryfoss vil krevje endring i vassforsyninga, men her er det ikkje utgreidd løysningar eller kostnadsoverslag. Det vert for 2017 foreslått 750 000,- kroner til å lage ein rammeplan VA for Ryfoss bustadfelt som viser trinnvis utbygging, samt prosjektering av etappe 1.

Driftsovervaking av Ryfoss vassverk er på budsjettet i inneverande år med kr 475 000. Dette vil bli utført i samband med driftsovervaking av nytt reinseanlegg i Tyinkrysset i 2016/2017. Midlane må derfor overførast til 2017.

## **Funksjon 345:  DISTRIBUSJON AV VATN**

Pumpestasjonar, høgdebasseng, leidningsnett og gebyr for vassforsyning.

Leidningen over Otrøvatnet har avgrensa kapasitet. Utbygging ved Nystuen og tilknytning av eksisterande fritidsbustader i Varden utløyser behov for auka kapasitet. I staden for å bygge høgdebasseng kan det bli billigare å legge ein ny fjordleidning. Dette må vurderast nærare.

Rammeplan VA for Tyinkrysset viser korleis dei tekniske utfordringane kan etterkomast. Det er viktig at denne planen blir lagt til grunn ved framføring av nye VA-anlegg.

For å leggje til rette for næringsutvikling og auka inntekter, er det lagt opp til framføring av vatn- og avløpsanlegg til aktuelle område. Kommunen har teke ansvar for vassforsyning fram til Grindafjellområdet (KS-039/03) for å bidra til næringsutvikling. Arbeidet med planlegging er starta opp og det er vurdert to alternativ, auka kapasitet frå noverande vassforsyning på Øygaardssanden og forsyning frå Helin. Alternativa er kostnadsrekna til respektive 15 mill. kr og 22 mill. kr.

Øystre Slidre kommune driftar leidningsnett til Vang kommune i Raudalen, nye berekningar utført av Norconsult for Øystre Slidre viser at sløkkevasskapasiteten ikkje er tilstrekkeleg. Det er ikkje laga kostnadsoverslag eller plan om utbetring.

### **Kurs**

Nye VA norm til Vang kommune set krav til ADK sertifisering av personell som gjer arbeid på det kommunale vass- og avløpsanlegget. Det skal to på kurs i 2017 og ein i 2018. Pris 48 000 kr i 2017 og blir dekkja av drift.

## **Funksjon 350:  AVLØPSREINSING**

Reinseanlegg, utløp og handtering av restprodukt (slam og vatn).

### **Mål og viktige planar**

- Drive anlegga etter gjeldande lover og forskrifter, og overhalde krava i utsleppsløyva.

### **Åsvang**

Reinseanlegget har store luktproblemer, byggemåten gjer at tiltak for å redusere lukt vert kostbart. Det bør utarbeidast ein plan for utbetring, også med tanke på skifte av filtermedie.

### **Grindaheim**

Naboar av Grindaheim reinseanlegg har sendt skriftelig klage på dårlig lukt frå anlegget. Grindaheim reinseanlegg har ikkje luktfjerningsutstyr, estimert kostnad er 500 000,- kroner. Midlane er innafor ramma. Grindaheim reinseanlegg ble bygt i 1982 og vert snart 40 år gamalt. Anlegget bær preg tidens bruk, det er mykje slitt utstyr, anlegget har dårlig innelukt og arbeidsoppgåver som inneber fare for fall og tunge lyft. Ein fremdriftsplan for enten nybygg eller rehabilitering av Grindaheim reinseanlegg er: Planarbeid i 2019, prosjektering/kontrahering i 2020/2021 og bygging i 2022.

### **Ryfoss**

Reinseanlegget i Ryfoss er tidkrevende å drifte. I samband med rammeplan VA for Ryfoss så vil ein synleggjera tiltak som vert nødvendig for å ta imot den auka mengde avløpsvatn.

## **Funksjon 353: AVLØPSNETT OG INNSAMLING AV AVLØPSVATN**

Pumpestasjonar, leidningsnett og avløpsgebyr.

Det er egne satsar for vatn og avløp i Raudalen, for den delen som blir knytt til vatn- og avløpsleidningane i Grønolen i Øystre Slidre. I følge utbyggingsavtalen skal Øystre Slidre sine satsar leggjast til grunn.

## **Funksjon 354: TØMMING AV SLAMAVSKILJARAR, SEPTIKTANKAR o.l.**

Slamplan for Valdres har oversikt over rammevilkår for behandling av avløpsslam og moglegheiter for bruk av slam.

## **Funksjon 355: HUSHALDSAVFALL**

Oppsamlingsordningar, innsamling/henting, sortering, attvinning, forbrenning, deponering og renovasjonsgebyr – knytt til sjølvkostområdet for hushaldsavfall.

Vang kommune er tilslutta Valdres Kommunale Renovasjon IKS (VKR).  
Ordninga skal vera sjølvfinansierande, og kommunane står for avgiftsinnkrevjinga.

VKR har som mål å minimalisere avfallsmengdene i Valdres, og å behandle avfallet på ein mest mogleg tenleg og miljøvenleg måte.

VKR har ei ordning for innsamling av landbruksplast, og det er høve til å seie frå om henting. Rutene blir køyrt i sommarhalvåret når så mange har meldt frå at ein reknar med at det er lass i eit område.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 11**

### **Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift**

#### **Funksjon 345**

ADK 1 kurs 48 000. kr

Det er budsjetter med ei avsetning til fond 500 000 kr

#### **Funksjon 353**

Det er budsjetter med ei avsetning til fond 500 000 kr

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Rammeplan VA Ryfoss og prosjektering etappe 1 750 000 kr

Luktfjerning Grindaheim reinseanlegg 500 000 kr

Nytt reinseanlegg og leidningsnett Tyinkrysse 6 700 000 kr

Avherdingsanlegg Tyinkrysset i 2019 1 600 000 kr

Ryfoss vassverk – driftsovervåking – vidare føring frå 2016 475 000 kr

Vassforsyning Tyinkrysset/Filefjell 1 750 000 kr

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – drift**

Vaktordning for vatn- og avløpsanlegg

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering**

Framføring av anlegg for vatn og avløp mot Søndrol/Synshagen:	6-7 mill. kr
Framføring av vatn til Grindafjell	15 mill. kr
Vassforsyning Filefjell	28 mill. kr

### **Total**

Grunna auka fondsavsetningar på 1 million kroner og antatt reduserte tilknytingsgebyr 335 tusen kroner vil funksjonsområdet få ei budsjett forverring på totalt 1,655 millionar kroner. Funksjonsområdet ligg under sjølvkostområdet og vil bli dekt med bruk av bundne fond dersom det går i minus.

# Funksjonsområde 12: KULTUR OG MILJØVERN

## Funksjon 360: NATURFORVALTING OG FRILUFTSLIV

Koordinering av miljøvernarbeid, vedlikehald av turstignettet, utbetring og vedlikehald av kongevegen, fisk- og viltforvaltning, biologisk mangfald, regionale og lokale miljøvern-oppgåver og drift av Klokkarhaugen. Somme friluftslivstiltak er knytt til idrett og kulturvern, og står oppført under funksjonane 380 og 385.

Lokale miljø- og naturvernoppgåver treng tverrsektoriell innsats. Skule- og kultursjefen er koordinator for miljøraker.

Kommunen vil i samarbeid med beitelaga og det kommunale fellingslaget arbeida for gode rutinar ved fellingsforsøk av rovvilt.

### Mål og viktige planar

- Vang kommune har slutta seg til **Lokal agenda 21**. Dette inneber m a. å arbeide for
  - at all aktivitet i lokalsamfunnet skal skje innafor naturen sin bereevne
  - berekraftig samfunnsutvikling som sikrar livskvalitet og livsgrunnlag både i dag og for komande generasjonar.
- Kommunane har ansvar for å tenkje tverrsektorielt for god **folkehelse**, jf. folkehelselova. Kultur og friluftsliv har gjennom mange år vore eit prioritert innsatsområde for Vang kommune og er med på å utvikle folkehelse på ein god måte. Desse innsatsområda inngår også i folkehelseplanen for Vang kommune.

### Budsjettmerknadar

**Kongevegprosjektet** er avslutta i 2016, men for Vang sin del står det att store uløyste oppgåver som utbetring av gamle stikkrenner med nødvendig grøfting og restaurering av murar og vegbane i Kvamskleiva. Til desse tiltaka trengst det statlege- og andre eksterne midlar. Det blir derfor viktig å vere aktiv i arbeidet med å få finansiert og gjennomført dette arbeidet m.a. gjennom samarbeid med Statens vegvesen region øst, men også finne fram til andre aktuelle finansieringsordningar.

Det er viktig at kongevegarbeidet ikkje fortrenger det årlege vedlikehaldet av turstignettet. Dei ca. 300 km med merka turstig som blir markedsført i turhandboka og no også på nett er ei merkevarer som Vang kommune må vedlikehalde og stadig forbetre.

**Viltfondet**, som har inntekter frå fellingsavgifter frå felte elg og hjort, dekkjer utgifter til ettersøk etter skada hjortevilt. Herifrå blir det og gjeve tilskot til driftsplanlaget for hjortevilt og til andre viltiltak.

I 2017 vil det bli arrangert jaktleiarkurs for jaktlage i Vang. Dette vil dekkast av viltfondet med ei kostnadsramme på ca kr 50 000. Kurset vil gå over 15 timar og vil vera nyttig for å skolere jaktinteresserte i Vang.

I avtala mellom kommunen og vegvesenet om bygging av **undergang E16 ved Tyinkrysset**, har kommunen forplikta seg til å legge om løypenettet slik at kryssing skjer i undergangen. Dette fører til at det må byggast **to skibruer**, over Begna og Bjørdøla. Kostnad 1 mill. kr i 2017.

**Vannområde Valdres** er eit interkommunalt samarbeidsprosjekt som har gått over dei siste 3 åra og som kommunestyret i 2016 vedtok å vidareføre.

## **Funksjon 370: BIBLIOTEK**

### **Mål og viktige planar**

Lov om folkebibliotek har følgjande formål:

*Folkebibliotekene skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet, gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

*Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.*

### **I samsvar med bibliotekplan for Valdres 2013-2017 skal Vang folkebibliotek:**

- Opparbeide gode lokale samlingar og vere synlege medspelarar i aktuelle lokale nærings- og kulturtiltak
- Formidle ulike kulturelle uttrykk med hovudvekt på litteratur
- Samarbeide med andre kulturaktørar i kommunen
- Samarbeide med skulane
- Samarbeide med karrieresenter, høgskular og universitet, og gi studentane god tilgang til relevant litteratur
- Tilegne seg og formidle vidare kompetanse innafor sosiale media, elektronisk formidling og teknologiske nyvinningar
- Legge til rette for aktivitetar som fremjar ytringsfridom og demokrati
- Vidareutvikle seg som sosial arena
- Vere ein attraktiv merkevare som flest mogleg ønskjer å bruke
- Arbeide for å ha nok kvalifisert personale, formålstenlige lokale og tilbod som dekkjer brukarane behov
- I Historisk biletsamling er det skanna 3900 historiske foto, og biblioteket arbeidar med registrering av informasjon om bileta. Dette er tidkrevjande, og til no er informasjon om ca. 2/3 av samlinga registrert.
- Drifte det nye skulebiblioteket på VBU. Dette arbeidet er lagt til folkebiblioteket. Løns- og driftsmidlar er overført frå VBU sitt driftsbudsjett til biblioteket. Stillinga som barne og ungdomsbibliotekar er ei viktig styrking av bemanninga i biblioteket og gjer det også mogleg å drifte skulebiblioteket på ein god måte. Eit hovudmål med denne satsinga er å auka leselyst og lesedugleik for grunnskuleelevane og stimulere leseglede i barnehagane.
- Bidra i arbeidet med å fremje lokal bulyst og trivsel
- I samarbeid med frivilligsentralen gjere lokala meir eigna for studiar og anna aktivitet. Dette prosjektet kalla FriBib, er tildelt 150 000 kr i støtte frå Nasjonalbiblioteket og vil bli fullført i 2017
- Gje kommunen sine innbyggjarar gode litteraturopplevingar gjennom forfattarbesøk og andre arrangement.
- Gje innbyggjarane i Vang spanande kunst- og kulturopplevingar

## **Funksjon 373: KINO**

### **Mål og viktige planar**

- Gje innbyggjarane i Vang eit kinotilbod med best mogleg kvalitet.

Bygdekinoen har no filmframsyningar i Vang. Tilbodet er lagt til auditoriet på VBU og er godt besøkt. Ei gruppe med gode lokale hjelparar er viktig for å halde dette tilbodet i gang. Dei skal ha

ros for innsatsen.

I tillegg kan det framleis visast filmar i gamalt format med utstyret på Åsvang.

## **Funksjon 375: MUSEUM, SAMLINGAR, KULTURVERN**

Tilskot til museum og samlingar, kulturvernarbeid, lokalhistoriske publikasjonar, bygdebøker og stadnamn.

Saman med dei andre Valdreskommunane betaler Vang kommune driftstilskot til Valdresmusea. Elles er mykje av det lokale kulturvernarbeidet omtala under funksjon 385.

## **Funksjon 377: KUNSTFORMIDLING**

Tilskot til kunstnarleg verksemd på profesjonelt nivå, og formidling av slik verksemd: Scenekunst, song/musikk, biletkunst, kunsthandverk, film, kunstmuseum/-galleri, kulturbasert næring mv. Her inngår tilskot til konsertar, utstillingar og andre arrangement.

### **Mål og viktige planar**

- Ta initiativ til og støtte opp om kulturarrangement som kan gje innbyggjarane i Vang konsert-, teater- og kunsttilbod ut over det som kan skapast med egne krefter.

Det er viktig med tilskotsordningar som stimulerer til aktivitet. Kulturtilbod er ein viktig trivselsfaktor, og for små kommunar er det ei utfordring å dekkje mangfaldet av kulturelle opplevingar. Kulturaktivitetar er eit viktig ”bindemiddel” i lokalsamfunnet, og blir lagt vekt på ved val av buplass. Tilskot til enkeltarrangement utløyser ofte stor frivillig innsats.

## **Funksjon 380: IDRETT**

Idrettsaktivitetar, offentleg bading, tilskot til idrettslag og til anlegg for idrett og friluftsliv.

Overordna mål med kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2018 er å bidra til auka fysisk aktivitet for alle i kommunen, m.a. gjennom god tilrettelegging for ”lågterskelaktivitetar” og eigenorganisert fysisk aktivitet.

Fleirbrukshallen med klatrevegg, styrketreningsrom, terapibasseng og garderober, som er det største tiltaket som nokon gong har stått i kommunedelplanen, er no snart fullført!

I økonomiplanen er det årleg avsett 140 000 kr til driftstilskot til idrettslaga, inntil 30 000 kr til idrettsstipend for ungdom, 160 000 kr til idrettsanlegg og div. nærmiljøtiltak, 7 000,- til sommarhjelp på Tveit stadion og 35 000 kr til offentleg bading.

## Funksjon 383: KULTURSKULE

### Mål og viktige planar

- Praktisk og teoretisk opplæring i ulike kulturaktivitetar.

I økonomiplanen er det lagt inn forventna stabil elevsøknad. Eventuelle nye aktivitetstilbod må gjennomførast innafør gjeldande budsjettramme. Brukarbetalinga blir auka med 3,6 pst.

## Funksjon 385: ANDRE KULTURAKTIVITETAR

Kulturaktivitetar og tiltak i kommunal regi og tilskot til aktivitetar, markeringar og ulike tiltak i dei frivillige laga. Løn til kulturmedarbeidar i ca. 30 pst. stilling ligg også her.

### Mål og viktige planar

- Stimulere til aktivitet i dei frivillige organisasjonane, og støtte tiltak og arrangement med lokale utøvarar.
- Vang skal framstå som ein reiselivskommune der bygda si historie, byggjeskikk, kulturlandskap, natur, atmosfære og miljø blir ivareteke på beste måte.

På funksjon 385 (og funksjonane 360 og 377) kan følgjande tiltak knytast til måla ovanfor:

- Rydding og skilting av gamle ferdsleveggar og andre kulturminne
- Tilskotsordning for ivaretaking av gamle bygningsmiljø
- Tilskotsordning for forskjønning og trivselstiltak
- Tilskot til song- og musikkorganisasjonane i kommunen
- Vang kommune har ansvar for vedlikehald av kvernhusa ved Leineåne, Vinjebue på Eidsbugarden og stølsmuseet i Liabø. Desse anlegga har stor historisk verdi og er ein viktig ressurs. Hus og landskap må takast godt vare på, og til det trengst årlege midlar til istandsetjing og vedlikehald.
- Stimuleringstiltak for lokal byggjeskikk
- Tilskot til lokale vernetiltak
- Tilskot til kulturarrangement

Det er sett i gang istandsettingsarbeid for eitt av **kvernhusa ved Leineåne**. Framhald av dette arbeidet vil bli prioritert i 2017.

**Vinjerock** er ført opp med årleg tilskot på 300 000 kr. Desse midlane er viktig for å utløyse andre offentlege tilskotsmidlar til arrangementet. Selskapet har vedtektsfesta forbod mot utbyte.

**Torpe skule:** Krinsen får årleg tilskot på 30 000 kr for å dekke delar av utgiftene til drift og vedlikehald.

## Funksjon 386: KULTURBYGG

Drift og mindre vedlikehald av symjehallen og av Øye-, Åsvang- og Høre samfunnshus. Skulen sin bruk av symjehallen blir ført på funksjon 222.

Drifta av dei tre samfunnshusa er stramt budsjettert. Dette er viktige lokale for ulike kulturaktivitetar i alle delar av kommunen.

Større vedlikehaldsarbeid blir dekkja av La/Te sine midlar til vedlikehald av kommunale bygg.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 12**

### **Tiltak som er med i økonomiplanen – investering**

Skibruer over Begna og Bjørdøla 1 mill. kr i 2017

### **TOTAL**

Ingen nemneverdige endringer for funksjonsområdet. Total blir budsjettet redusert med 106 tusen kroner, hovudsaklig grunna endring i fordelingsnøkane på ikt kostnader (reduserast med 111 tusen kroner).

## Funksjonsområde 13: KYRKJE

### Funksjon 390: DEN NORSKE KYRKJA

Overføringer til kyrkjeleg fellesråd og vedlikehald og andre kostnader knytt til kyrkjene.

### Funksjon 393: KYRKJEGARDAR

Investeringar, drift og vedlikehald av kyrkjegardane som blir ført i kommunerekneskapen.

I det følgjande blir funksjon 390 og 393 omtala samla.

Kyrkjeleg fellesråd er arbeidsgjevar for kyrkjeleg tilsette og har ansvar for tilsyn og vedlikehald av kyrkjene og kyrkjegardane på vegne av sokna. Fellesrådet har ti representantar; to frå kvart sokneråd, ein kommunal representant og soknepresten. Dagleg leiar er sekretær.

I Vang er det seks kyrkjer (av desse er to stavkyrkjer) og fire bårehus.

#### Mål og viktige planar

- Oppretthalde nivået på den kyrkjelege aktiviteten
- Bidra til trivsel og tryggleik for kyrkjeleg tilsette
- Sjå til at kyrkjene vert haldne ved like

Det er lagt inn 2 708 000 kr i årleg tilskot, i tråd med søknad frå Kyrkjeleg fellesråd. Dei har ikkje lagt inn auke i aktiviteten. Tilskotet må også vurderast i høve til fellesrådet sine årlege rekneskapsresultat. Det er avtala at rekningar i forbindelse med vakthald og alarmsystem skal gå direkte til kyrkja, tilskotet er dermed auka med 85 000 kr.

**Reguleringsplan Øyebakkin** er omtala i Kyrkjeleg fellesråd sin søknad:

*Arbeidet med reguleringsplanen for området ved Øye-kyrkjene går sakte, og fellesrådet set pris på at arbeidet med reguleringsplanen er prioritert no.*

*Det ser ut til at ein har kome fram til ei løysing med plassering av servicebygget, i samråd med Riksantikvar og kommunen. Alarmanlegget på stavkyrkja er svært dårleg, og blir ikkje oppgradert/reparert før nytt anlegg kan monterast i eit teknisk rom i servicebygg. Difor hastar det med å få planen godkjent.*

*Så lenge reguleringsplanen ikkje er godkjent er det usikkert når arbeidet kan starte. Kostnadene til dette er usikre, då val av vasstiltførsel vil vere avgjerande. Kommunen er i dialog med RA om kva dei kan bidra med økonomisk.*

Det er tidlegare overført 150 000 kr til vidare planlegging, dette er planlagt utført i 2019.

**Drengestøga** er også omtala:

*Drengestøga treng oppjustering. Inngangsdøra er svært slitt, og bør bytast ut. Andre etasje har fungert berre som lager av oss, og har fungert greitt nok. Men glasa er glisne og dårlege, og bør bytast ut. Huset ligg i sentrum, og det ser ikkje så fint ut med plast framfor glasa. Summen for nye glas er teke med i samlelista vår, men sidan det er kommunen sitt hus, skal det vel eigentleg ikkje vere med i vår liste.*

### **Diverse vedlikehald:**

*Søreveggen på Heensåsen kyrkje vart måla, men resten av kyrkja er svært målingslitt, og treng ein grundig omgang med vasking, skraping og måling, og å kitte oppatt glasa.*

*Kyrkjegardane i Høre, heensåsen og Vang har fått nye vassposter, og Øye står for tur neste år.*

## **Funksjon 392: ANDRE RELIGIØSE FØREMÅL**

Tilskot til livssynsorganisasjonar.

I Vang er 85 personar tilslutta andre trdomssamfunn enn Den norske Kyrkja. Kommunen skal gje årleg tilskot til desse trdomssamfunna på same nivå pr. medlem som blir brukt til Den norske Kyrkja.

## **SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 13**

### **Vesentlige endringar frå 2015 til 2016 – Drift**

Ingen vesentlige endringar for området. Vedlikehaldsutgifter vil gå på kommunens ordinære vedlikehaldsbudsjett.

### **Ynskja vedlikehaldsoppgåver for året**

Måling og kitting av glas på Heensåsen kyrkje	138 000 kr
Kyrkjegardsmurar i Høre	25 000 kr
(Drengestøga: Byte/repasere glas)	

### **Tiltak som ikkje er med i økonomiplanen – investering**

Øyebakkin:	
Servicebygg, parkering, vassforsyning, kyrkjegardsutviding mv.	Uvisst
Universell utforming ved inngangen til Øye kyrkje	

### **TOTAL**

Totalt har kyrkja greidd å kutte kostnader slik at me får ei nedgang på 13 tusen kroner i 2017 for dette funksjonsområdet.

## **Funksjonsområde 14: SKATT, STATSTILSKOT OG FINANSIERING**

### **Funksjon 800: SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE**

### **Funksjon 840: RAMMETILSKOT OG ANDRE GENERELLE STATSTILSKOT**

Skatt på inntekt og formue (43,3 mill. kr inkl. 6,3 mill. kr naturressursskatt) og statlege rammetilskot (62,4 mill. kr) er sett opp i tråd med KS sin prognosemodell. Gjennom inntektsutjamning blir skilnader i skatteinngang i høve til landsgjennomsnittet delvis jamna ut, og desse to postane bør derfor sjåast i samanheng.

Eigedomsskatt på verk og bruk er ført opp med 6,184mill. kr. Ein mindre del av denne inntekta kan kommunen påverke ved lokal taksering av nokre verk og bruk.(ikkje vasskraftanlegg) Det er bygd ei trafostasjon i Vang som skal takserast og skattast for 2017.

### **Funksjon 850: STATSTILSKOT FLYKTNINGAR m v.**

- Generelt integreringstilskot: 3,10 mill. kr årleg.
- Vertskommunetilskot til helse, barnevern, tolk og administrasjon: 2,0 mill. kr årleg.
- Tilskot til bufellesskapet for einslege mindreårige 2,5 mill. kr

### **Funksjon 860: MOTPOST AVSKRIVINGAR**

Summen av utgiftsførte avskrivningar under andre funksjonar (artsgruppe 15 finansutgifter) blir inntektsført på denne funksjonen (artsgruppe 19 finansieringstransaksjonar).

### **Funksjon 870: RENTER/UTBYTE OG LÅN**

- Renteutgifter (utanom morarenter)
- Renteinntekter, herunder rente- og avdragskompensasjon
- Bruk av lån
- Avdragsutgifter
- Utlån
- Motteke avdrag på lån – utanom sosiale utlån (funksjon 281), formidlingslån i Husbanken (funksjon 283) og utlån og avdrag til næringsfond (funksjon 325).

Pr. 1.1.2016 hadde Vang kommune 98,581 mill. kr i eksterne lån – fordelt på tolv lån i Husbanken (inkl. formidlingslån), 10 mill. kr i sertifikatlån hjå Nordea til ny sjukeheimsfløy og 82 379 636 kr i KLP. I driftsdelen er det ført opp årlege avdragsutgifter med 4 422 000 kr med dekning frå Næringsfond. Renteutgifter er ført opp med 2 130 000 kr årleg, ei markant oppgang frå tidlegare år då Vang kommune har teke opp 50 250 000 i lån i 2016. Låna er sikra for 3 og 5 år så rente utgifta vil være rimeleg føreseieleg i perioden.

Renteinntekter er årleg sett til 1,5 mill. kr på bankinnskot og fond, og 700 000 kr for ansvarleg lån til Vang Energiverk. Nedgangen skuldast lågare rente og redusert kapital grunna større investeringar.

## Rentekompensasjon for skule- og svømmeanlegg

Innanfor tildelt ramme 2009–2016 kan kommunane ta opp rentefrie lån gjennom Husbanken til rehabilitering og nybygg av skular og svømmeanlegg. Rentekompensasjonen blir rekna ut på grunnlag av rentekostnader til eit serielån over 20 år og avdragsfritt i 5 år. For tilsegn frå 2015 og frametter legg departementet til grunn eit påslag på 0,5 prosentpoeng på gjennomsnittet av observert marknadsrente over to månader på statspapir (statskassevekslar) med attverande løpetid frå null til tre månader.

Vang kommune si ramme er 4,96 mill. kr, og denne kan brukast ved utbygginga ved VBU. Med utgangspunkt i Husbanken sine siste renteobservasjonar (1,2 %) vil dette gje ein rentekompensasjon på 84 000 kr årleg i fem år frå 2016, og deretter nedtrapping over dei neste 15 åra.

## Funksjon 880: INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR

- Inndekning av meirforbruk/bruk av mindreforbruk i driftsrekneskapen frå tidlegare år
- Inndekning av udekt/bruk av ubrukt i investeringsrekneskapen frå tidlegare år
- Overføringar frå drifts- til investeringsrekneskapen
- Avsetnader til/bruk av disposisjonsfond og andre ubundne fond.

Avsetnader til og bruk av bundne fond blir i hovudsak ført på aktuell funksjon for fondet; funksjon 325 for næringsfond.

## SAMLELISTE FOR FUNKSJONSOMRÅDE 14

### Vesentlige endringar frå 2016 til 2017 – Drift

#### Funksjon 850

Auka overføringar frå staten -1 552 000 kr  
*Grunna Einslege mindreårige*

#### Funksjon 870

Sterk auke i rente og avdragsutgifter 1 710 000 kr  
*Vil fortsette å auke ved vidare låneopptak*

#### Funksjon 880

Bruk av disposisjonsfond sterkt auka 9 186 000 kr

### Total

Totalt forbetrar funksjonsområdet seg med 8,267 millionar kroner, hovudsaklig grunna auka bruk av disposisjonsfond med 9,186 millionar kroner. Utfordringa kjem gjennom stagnerande inntekter der rammetilskotet er redusert med 500 tusen kroner og skatteinntekta er ned med 100 tusen kroner. Utgifta til kommunen går derimot oppover.

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>01 Politisk styring, administrasjon, fellesfunksjoner</b>						
<b>100 Politisk styring</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	1 330	1 220	1 265	1 265	1 265	1 265
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	456	285	235	235	235	235
13 Tenester som erstatter egen tenesteproduksjon	405	405	459	459	459	459
14 Overføringsutgifter	106	65	65	65	65	65
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-26	-25	-25	-25	-25	-25
<b>Sum funksjon: 100 Politisk styring</b>	<b>2 271</b>	<b>1 950</b>	<b>1 999</b>	<b>1 999</b>	<b>1 999</b>	<b>1 999</b>
<b>110 Kontroll/revisjon</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	8	11	10	10	10	10
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	5	5	5	5	5	5
13 Tenester som erstatter egen tenesteproduksjon	396	385	385	385	385	385
<b>Sum funksjon: 110 Kontroll/revisjon</b>	<b>409</b>	<b>401</b>	<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>	<b>400</b>
<b>120 Administrasjon</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	8 682	9 572	9 754	9 514	9 274	9 034
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	1 702	1 590	1 537	1 537	1 077	1 077
13 Tenester som erstatter egen tenesteproduksjon	2 363	2 498	624	624	624	624
14 Overføringsutgifter	639	265	256	256	256	256
15 Finansutgifter	220	325	325	325	325	325
16 Salsinntekter	-234	-90	-90	-90	-90	-90
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-610	-303	-316	-316	-316	-316
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-668	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 120 Administrasjon</b>	<b>12 095</b>	<b>13 857</b>	<b>12 090</b>	<b>11 850</b>	<b>11 150</b>	<b>10 910</b>
<b>121 Forvaltning bygg/eigedom</b>						
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	297	312	-	-	-	-
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-129	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 121 Forvaltning bygg/eigedom</b>	<b>168</b>	<b>312</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>130 Administrasjonslokale</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	878	883	889	889	889	889
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	254	347	307	307	307	307
13 Tenester som erstatter egen tenesteproduksjon	-	-	44	44	44	44
14 Overføringsutgifter	63	40	40	40	40	40
15 Finansutgifter	131	131	131	131	131	131
16 Salsinntekter	-97	-51	-51	-51	-51	-51
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-68	-40	-40	-40	-40	-40
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-45	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 130 Administrasjonslokale</b>	<b>1 115</b>	<b>1 310</b>	<b>1 320</b>	<b>1 320</b>	<b>1 320</b>	<b>1 320</b>
<b>170 Premieavvik i år</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	572	-	-	-	-	-
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-572	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 170 Premieavvik i år</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>171 Amortisering premieavvik tidlegare år</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	1 517	-	-	-	-	-
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-1 517	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 171 Amortisering premieavvik tidlegare år</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>180 Fellesutgifter</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	32	30	30	30	30	30
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	17	20	20	20	20	20
14 Overføringsutgifter	-	-	-	-	-	-
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 180 Fellesutgifter</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	<b>50</b>	<b>50</b>
<b>Sum funksjonsomr: 01 Politisk styring, administrasjon, fellesfunksjonar</b>	<b>16 108</b>	<b>17 880</b>	<b>15 859</b>	<b>15 619</b>	<b>14 919</b>	<b>14 679</b>
<b>02 Skule/barnehage/vaksenopplæring, fritidstilbod barn/unge</b>						
<b>201 Barnehage</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	10 892	10 996	11 402	11 152	10 902	10 652
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	840	654	622	622	622	622
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	-	2	401	401	401	401
14 Overføringsutgifter	154	26	26	26	26	26
16 Salsinntekter	-1 672	-1 645	-1 750	-1 750	-1 750	-1 750
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-554	-341	-111	-111	-111	-111
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-49	-	-	-	-	-
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-55	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 201 Barnehage</b>	<b>9 558</b>	<b>9 692</b>	<b>10 590</b>	<b>10 340</b>	<b>10 090</b>	<b>9 840</b>
<b>202 Grunnskule</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	21 130	20 120	21 256	20 016	18 776	17 536
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	2 396	1 767	1 692	1 692	1 692	1 692
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	862	1 182	1 669	1 669	1 669	1 669
14 Overføringsutgifter	335	231	231	231	231	231
15 Finansutgifter	135	182	182	182	182	182
16 Salsinntekter	-50	-25	-25	-25	-25	-25
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-3 845	-2 172	-1 813	-1 813	-1 813	-1 813
<b>Sum funksjon: 202 Grunnskule</b>	<b>20 963</b>	<b>21 285</b>	<b>23 192</b>	<b>21 952</b>	<b>20 712</b>	<b>19 472</b>
<b>211 Styrka barnehagetilbod</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	387	458	470	470	470	470
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	183	-	-	-	-	-
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	177	-	-	-	-	-
14 Overføringsutgifter	45	30	45	45	45	45
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-497	-325	-250	-250	-250	-250
<b>Sum funksjon: 211 Styrka barnehagetilbod</b>	<b>295</b>	<b>163</b>	<b>265</b>	<b>265</b>	<b>265</b>	<b>265</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>213 Vaksenopplæring</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	3 133	3 423	3 213	3 213	3 213	3 213
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	305	237	222	222	222	222
13 Tenester som erstatter egen tenesteproduksjon	59	-	133	133	133	133
14 Overføringsutgifter	356	218	25	25	25	25
16 Salsinntekter	-16	-15	-	-	-	-
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-5 826	-6 165	-5 835	-5 835	-5 835	-5 835
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-150	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 213 Vaksenopplæring</b>	<b>-2 139</b>	<b>-2 302</b>	<b>-2 242</b>	<b>-2 242</b>	<b>-2 242</b>	<b>-2 242</b>
<b>215 Skulefritidstilbod</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	689	612	616	616	616	616
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	20	5	5	5	5	5
14 Overføringsutgifter	1	-	-	-	-	-
16 Salsinntekter	-282	-275	-275	-275	-275	-275
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-2	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 215 Skulefritidstilbod</b>	<b>426</b>	<b>342</b>	<b>346</b>	<b>346</b>	<b>346</b>	<b>346</b>
<b>221 Barnehagelokale/skyss</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	699	659	853	853	853	853
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	462	431	469	469	469	469
14 Overføringsutgifter	115	49	59	59	59	59
15 Finansutgifter	316	1 291	1 291	1 291	1 291	1 291
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-156	-49	-59	-59	-59	-59
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-80	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 221 Barnehagelokale/skyss</b>	<b>1 357</b>	<b>2 381</b>	<b>2 613</b>	<b>2 613</b>	<b>2 613</b>	<b>2 613</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>222 Skulelokale</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	2 179	1 830	2 324	2 324	2 324	2 324
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	1 772	1 267	1 267	1 267	1 267	1 267
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	-	-	89	89	89	89
14 Overføringsutgifter	416	350	222	222	222	222
15 Finansutgifter	1 503	1 503	1 503	1 503	1 503	1 503
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-630	-448	-252	-252	-252	-252
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-403	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 222 Skulelokale</b>	<b>4 837</b>	<b>4 502</b>	<b>5 153</b>	<b>5 153</b>	<b>5 153</b>	<b>5 153</b>
<b>223 Skuleskyss</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	-	11	11	11	11	11
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	1 771	1 255	1 255	1 255	1 255	1 255
14 Overføringsutgifter	56	-	-	-	-	-
16 Salsinntekter	-1	-	-	-	-	-
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-56	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 223 Skuleskyss</b>	<b>1 769</b>	<b>1 266</b>				
<b>231 Aktivitetstilbod barn/unge</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	263	267	271	271	271	271
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	110	141	140	140	140	140
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	8	-	-	-	-	-
14 Overføringsutgifter	16	16	16	16	16	16
15 Finansutgifter	9	9	-	-	-	-
16 Salsinntekter	-14	-5	-10	-10	-10	-10
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-62	-1	-1	-1	-1	-1
<b>Sum funksjon: 231 Aktivitetstilbod barn/unge</b>	<b>331</b>	<b>427</b>	<b>416</b>	<b>416</b>	<b>416</b>	<b>416</b>
<b>Sum funksjonsomr: 02 Skule/barnehage/vaksenopplæring, fritidstilbod barn/unge</b>	<b>37 397</b>	<b>37 756</b>	<b>41 599</b>	<b>40 109</b>	<b>38 619</b>	<b>37 129</b>
<b>03 Helsetenester, aktivisering, servicetenester</b>						
<b>232 Helsestasjon/skulehelseteneste</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	1 679	1 558	1 851	1 851	1 851	1 851
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	201	150	187	187	187	187
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	223	245	303	303	303	303
14 Overføringsutgifter	222	17	32	32	32	32
15 Finansutgifter	73	73	-	-	-	-
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-105	-82	-97	-97	-97	-97
<b>Sum funksjon: 232 Helsestasjon/skulehelseteneste</b>	<b>2 294</b>	<b>1 961</b>	<b>2 276</b>	<b>2 276</b>	<b>2 276</b>	<b>2 276</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>233 Anna førebyggjande helsearbeid</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	330	471	365	365	365	365
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	19	21	21	21	21	21
14 Overføringsutgifter	7	8	8	8	8	8
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-11	-3	-3	-3	-3	-3
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-4	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 233 Anna førebyggjande helsearbeid</b>	<b>341</b>	<b>497</b>	<b>391</b>	<b>391</b>	<b>391</b>	<b>391</b>
<b>234 Aktivisering/servicetenester eldre/funksjonshemma</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	3 591	3 282	3 235	3 235	3 235	3 235
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	657	609	636	636	636	636
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	195	160	133	133	133	133
14 Overføringsutgifter	78	68	85	85	85	85
15 Finansutgifter	251	251	251	251	251	251
16 Salsinntekter	-60	-68	-63	-63	-63	-63
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-89	-61	-78	-78	-78	-78
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-310	-310	-	-	-	-
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-338	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 234 Aktivisering/servicetenester eldre/funksjonshemma</b>	<b>3 975</b>	<b>3 931</b>	<b>4 199</b>	<b>4 199</b>	<b>4 199</b>	<b>4 199</b>
<b>241 Diagnose/behandling/re-/habilitering</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	6 353	7 125	6 911	6 911	6 911	6 911
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	820	830	887	887	887	887
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	2 848	2 601	2 899	2 899	2 899	2 899
14 Overføringsutgifter	43	204	163	163	163	163
15 Finansutgifter	256	309	309	309	309	309
16 Salsinntekter	-732	-837	-741	-741	-741	-741
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-2 475	-1 901	-1 574	-1 574	-1 574	-1 574
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-2	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 241 Diagnose/behandling/re-/habilitering</b>	<b>7 111</b>	<b>8 331</b>	<b>8 854</b>	<b>8 854</b>	<b>8 854</b>	<b>8 854</b>
<b>Sum funksjonsomr: 03 Helsetenester, aktivisering, servicetenester</b>	<b>13 721</b>	<b>14 720</b>	<b>15 720</b>	<b>15 720</b>	<b>15 720</b>	<b>15 720</b>
<b>04 Sosiale tenester, barnevern</b>						
<b>242 Råd/rettleiing/sosialt førebyggjande arbeid</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	4	170	5	5	5	5
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	28	20	25	25	25	25
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	1 071	1 272	1 282	1 282	1 282	1 282
14 Overføringsutgifter	89	-	2	2	2	2
15 Finansutgifter	30	30	30	30	30	30
16 Salsinntekter	-443	-437	-437	-437	-437	-437
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-6	-	-2	-2	-2	-2
<b>Sum funksjon: 242 Råd/rettleiing/sosialt førebyggjande arbeid</b>	<b>774</b>	<b>1 055</b>	<b>905</b>	<b>905</b>	<b>905</b>	<b>905</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>243 Tilbod til personar med rusproblem</b>						
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	85	135	129	129	129	129
<b>Sum funksjon: 243 Tilbod til personar med rusproblem</b>	<b>85</b>	<b>135</b>	<b>129</b>	<b>129</b>	<b>129</b>	<b>129</b>
<b>244 Barnevernteneste</b>						
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	1 137	973	1 250	1 250	1 250	1 250
<b>Sum funksjon: 244 Barnevernteneste</b>	<b>1 137</b>	<b>973</b>	<b>1 250</b>	<b>1 250</b>	<b>1 250</b>	<b>1 250</b>
<b>251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	550	655	655	655	655	655
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	159	140	140	140	140	140
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	7	5	5	5	5	5
14 Overføringsutgifter	88	95	95	95	95	95
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-5	-5	-5	-5	-5	-5
<b>Sum funksjon: 251 Barneverntiltak når barnet ikkje er plassert av barnevernet</b>	<b>799</b>	<b>890</b>	<b>890</b>	<b>890</b>	<b>890</b>	<b>890</b>
<b>252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	143	4 795	4 941	4 941	4 941	4 941
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	100	719	719	719	719	719
14 Overføringsutgifter	20	20	168	168	168	168
15 Finansutgifter	-	903	441	441	441	441
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-	-3 373	-3 641	-3 641	-3 641	-3 641
18 Overføringsinntekter (utan krav til motyting)	-	-2 934	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 252 Barneverntiltak når barnet er plassert av barnevernet</b>	<b>263</b>	<b>130</b>	<b>2 628</b>	<b>2 628</b>	<b>2 628</b>	<b>2 628</b>
<b>Sum funksjonsomr: 04 Sosiale tenester, barnevern</b>	<b>3 059</b>	<b>3 183</b>	<b>5 802</b>	<b>5 802</b>	<b>5 802</b>	<b>5 802</b>
<b>05 Helse- og omsorgstenester, institusjonslokale, bustader</b>						
<b>253 Helse- og omsorgstenester i institusjon</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	25 048	23 287	24 569	23 662	22 755	21 848
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	2 442	2 831	2 790	2 790	2 790	2 790
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	1 346	1 882	2 323	2 323	2 323	2 323
14 Overføringsutgifter	394	523	524	524	524	524
15 Finansutgifter	88	73	73	73	73	73
16 Salsinntekter	-2 784	-2 194	-2 266	-2 266	-2 266	-2 266
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-1 843	-1 455	-1 319	-1 319	-1 319	-1 319
19 Finansinntekter og finansieringstransaksjonar	-31	-5	-10	-10	-10	-10
<b>Sum funksjon: 253 Helse- og omsorgstenester i institusjon</b>	<b>24 660</b>	<b>24 942</b>	<b>26 684</b>	<b>25 777</b>	<b>24 870</b>	<b>23 963</b>

	Regnskap 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020
<b>254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	22 372	26 022	26 963	26 060	25 157	24 254
11 Varer og tenester i egen tenesteproduksjon	1 064	857	915	915	915	915
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	3 544	3 664	4 384	4 384	4 384	4 384
14 Overføringsutgifter	160	113	97	97	97	97
15 Finansutgifter	157	152	152	152	152	152
16 Salsinntekter	-539	-562	-480	-480	-480	-480
17 Refusjonar (med krav til motyting)	-5 722	-5 662	-5 325	-5 325	-5 325	-5 325
<b>Sum funksjon: 254 Helse- og omsorgstenester til heimebuande</b>	<b>21 036</b>	<b>24 584</b>	<b>26 706</b>	<b>25 803</b>	<b>24 900</b>	<b>23 997</b>
<b>255 Medfinansiering somatiske tenester</b>						
14 Overføringsutgifter	197	-	-	-	-	-
<b>Sum funksjon: 255 Medfinansiering somatiske tenester</b>	<b>197</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>261 Institusjonslokale</b>						
10 Løn og sosiale utgifter	2 464	2 830	2 819	2 819	2 819	2 819
11 Varer og tenester i eigen tenesteproduksjon	1 637	1 790	1 668	1 668	1 668	1 668
13 Tenester som erstattar eigen tenesteproduksjon	363	576	556	556	556	556
14 Overføringsutgifter	407	502	425	425	425	425
